

HANDLINGSPLAN

MOT VALD I NÆRE RELASJONAR

PÅ SUNNMØRE 2026-2030



Krisesenter for
SUNNMØRE

Eit interkommunalt samarbeid mellom

Fjord | Giske | Haram | Hareid | Herøy | Sande | Stranda
Sula | Sykkylven | Ulstein | Vanylven | Volda | Ørsta | Ålesund

FORORD

Vald i nære relasjonar er eit alvorleg samfunnsproblem som rammar menneske uavhengig av alder, kjønn, bakgrunn eller livssituasjon. Det skapar utryggleik i heimane, bryt ned enkeltmenneske og har store konsekvensar både for dei som blir utsette og for samfunnet som heilskap. Dei samfunnsøkonomiske kostnadane er store. Ein rapport frå regjeringa i 2023 anslår ein årleg kostnad på 92,7 milliardar kroner. (Kjelde: Menon-publikasjon nr. 15/2023).

Dei fleste drapa i Noreg skjer i samband med vald i nære relasjonar, og dei fleste blir utførte i private heimar. Ofte blir desse drapa omtala som varsla tragediar, og det er sjeldan at ei sak som handlar om vald i nære relasjonar startar med drap. Nasjonalt kunnskapssenter om vald og traumatisk stress (NKVTS) har kartlagt omfanget av vald og overgrep i den norske befolkninga. Resultata frå 2023 viser at respondentane i større grad enn i 2013 svarar at dei har opplevd valdtekt ved bruk av makt eller tvang, alvorleg fysisk vald, og alvorleg fysisk vald i parforhold ([NKVTS Rapport 1-23](#)). At omfanget framleis er høgt, ser ein også på Sunnmøre, der talet på førespurnader til krisesenteret har auka.

Kommunane har ansvar for å legge til rette for at tenestene skal vere i stand til å førebygge, avdekke og avverge vald og overgrep. I 2020 vedtok alle kommunane på Sunnmøre ein felles handlingsplan for første gong. Fem år seinare ser vi framleis eit behov for å setje temaet på dagsorden. Målet er at tiltak og auka merksemd rundt vald i nære relasjonar skal styrke det førebyggjande arbeidet, føre til at fleire valdsutsette og valdsutøvarar får naudsynt hjelp, og at fleire situasjonar der menneske blir utsette for vald blir avdekt og avverja.

Med denne planen ønskjer vi å legge grunnlaget for eit tryggare samfunn, der ingen skal leve i frykt i sin eige heim. Vi håpar at planen vil gi retning og verktøy for vidare arbeid, og at vi saman kan gjere ein forskjell.

Innhold

1. INNLEIING	7
1.1 Om handlingsplanen	8
2. BAKGRUNN OG PLANPROSESS	9
2.1 Visjon.....	9
2.2 Formål.....	9
2.3 Målgruppe	10
2.4 Forankring	10
2.5 Kommunen sitt ansvar	10
2.5.1 Samordning av tenester.....	12
2.5.2. BTI- Betre tverrfagleg Innsats.....	12
3. PLANVERK	13
3.1 Sentrale føringar.....	13
3.1.1. Lovverk.....	13
3.1.2. Nasjonale strategiar og handlingsplanar	14
3.1.3. Internasjonale forpliktingar	14
4. DEFINISJONAR	15
4.1 Vald	15
4.2 Vald i nære relasjonar	15
5. ULIKE FORMER FOR VALD.....	15
5.1 Fysisk vald	15
5.2 Psykisk og emosjonell vald.....	15
5.3 Vitne til vald	16
5.4 Seksuell vald.....	16
5.5 Latent vald.....	16
5.6 Materiell vald	16
5.7 Økonomisk vald	16
5.8. Digital vald.....	16
5.9. Æresrelatert vald	16
5.10. Negativ sosial kontroll	16
5.11. Menneskehandel	16
5.12. Tvangsekteskap	17
5.13. Kjønnsslemlesting	17
5.14. Fortsettelsevald	17
6. Å LEVE MED VALD	18
6.1 Valdssirkelen	18
6.1.1. Fasane i valdssirkelen:.....	19
6.2 Å forlate eit valdeleg forhold.....	19
6.3 Barn sin lojalitet og redsel	20
7. SÅRBARE GRUPPER	21
7.1 Barn og unge	21
7.2 Gravide.....	21
7.3 Eldre	21
7.4 Personar med funksjonsnedsetjing	21
7.5 Personar med psykiske og/eller rusrelaterte utfordringar	21
7.6 Personar med flyktning- eller innvandrarbakgrunn.....	22

8. VÅG Å SJÅ.....	22
8.1 Teikn på vald og overgrep	22
8.1.1 Fysisk vald.....	22
8.1.2 Psykisk vald.....	23
8.1.3 Seksuelle overgrep	24
8.2 Reaksjonar og symptom på vald og overgrep.....	25
9. VÅG Å SPØRJE	26
9.1 Ta opp bekymringa di med den det gjeld.....	26
9.1.1 Kva spørsmål skal eg stille?.....	27
9.1.2 Kva spørsmål skal ein ikkje stille?.....	27
10. KUNNSKAP TIL Å HANDLE	28
10.1 Kva skal eg som offentleg tilsett gjere?	28
10.1.1 Ved bekymring for barn og unge.....	28
10.1.2 Ved bekymring for vaksne og eldre.....	28
10.2 Kva skal eg som privatperson gjere?	29
10.2.1 Til deg som er vaksen	29
10.2.2 Til deg som er barn/ungdom:.....	29
10.3 Til deg som er utsett for vald eller overgrep.....	29
11. HANDLINGSKORT	30
11.1 Kva gjer du ved mistanke om vald og overgrep mot barn og unge.....	30
11.2 Kva gjer du ved mistanke om vald i nære relasjonar.....	31
12. FORMELLE BESTEMMELSESAR.....	32
12.1 Teieplikt.....	32
12.2 Opplysningsplikt	32
12.3 Meldeplikt	32
12.4 Avvergeplikt.....	32
13. INFORMASJON OM RETTAR TIL VALDSUTSETT.....	33
13.1 Bistandsadvokat	33
13.2. Valdsoffererstatning	34
14. TILTAK I PERIODEN 2026 – 2030.....	35
14.1 Evaluering av tidlegare tiltak	35
14.2 Nye tiltak for 2026-2030.....	37
15. NETTRESSURSAR:.....	39
15.1 For alle.....	39
15.2 For deg som jobbar med barn og unge.....	40
15.3 For deg som jobbar med eldre.....	41
15.4 For deg som jobbar med vaksne med nedsett funksjonsevne	41
15.5 For deg som jobbar med menneske med flyktning eller innvandrarakgrunn	41
16. LOVERK.....	42
17. TENESTER OG SAMARBEIDSAKTØRAR	43
17.1 Alarmtelefonen for barn og unge	43
17.2 Alternativ til vald	43
17.3 Barnehage	43
17.4 Barneombodet.....	43
17.5 Barnevernstenesta	44

17.6 Barnevernsvakta på Sunnmøre.....	45
17.7 Nasjonal vegvisar ved vald og overgrep	45
17.8 Familievernkontoret	45
17.9 Fastlege	45
17.10 Helse- og omsorgstenesta i kommunen	45
17.11 Helsestasjonstenesta.....	46
17.12 Hjelpetelefon for seksuelt misbrukte	46
17.13 IMDI - Mangfaldsrådgivera	46
17.14 Kompetanseteamet mot tvangsekteskap, kjønnslemlestelse og negativ sosial kontroll.....	46
17.15 Konfliktrådet.....	47
17.16 Krisesenteret på Sunnmøre.....	47
17.17 Legevakt	48
17.18 Medisinsk naudtelefon.....	48
17.19 NAV.....	48
17.20 NFSS Nettverk - Funksjonsnedsettelse, seksualitet og samliv	48
17.21 NOK Møre og Romsdal.....	48
17.22 Overgrepsmottaket i Ålesund.....	48
17.23 Pensjonistforbundet.....	49
17.24 Politi	49
17.25 Redd Barna	49
17.26 RVTS Midt	50
17.27 Norske kvinners sanitetsforening.....	50
17.28 Skulen	50
17.29 Statens barnehus i Ålesund.....	50
17.30 Stine Sofies Stiftelse.....	51
17.31 Støttesenter for kriminalitetsutsette	51
17.32 Tannhelsetenesta	51
17.33 TryggEst - vern for risikoutsette vaksne	51
17.33 Vold- og overgrepslinja	51
17.34 Voksne for barn.....	51

1. INNLEIING

Vald i nære relasjonar – frå privatsak til samfunnsansvar.

Vald i nære relasjonar har stort omfang og utgjer både eit alvorleg samfunns- og folkehelseproblem. Bruk av vald er i strid med norsk lov og representerer eit angrep på grunnleggjande menneskerettar. Konsekvensane kan vere omfattande, både for enkeltpersonar og for samfunnet som heilskap. Det er avgjerande at vald blir møtt med førebyggjande tiltak, vern og rettsleg oppfølging.

Omfattande forskning viser at vald i nære relasjonar – anten ein er vitne til vald, eller sjølv blir utsett for fysisk vald, seksuelle overgrep eller andre krenkingar – kan føre til alvorlege, langvarige konsekvensar. Kommunen har eit særskilt ansvar for å førebygge, avdekkje og avverge vald og overgrep.

Eit viktig steg i denne utviklinga kom i 2010, då den norske straffelova blei endra for å tydeleggjere at oppdragarvald ikkje er tillate. Tidlegare hadde foreldre ein viss rett til å nytte fysisk avstraffing som del av barneoppdraginga, men med lovendringa blei dette unntaket fjerna. Det inneber at all fysisk vald mot barn – også i oppdragingssamanheng – no blir rekna som ulovleg. Endringa var eit viktig steg for å styrkje barn sitt rettsvern, og ho er i samsvar med internasjonale menneskerettslege forpliktingar, som barnekonvensjonen.

Same året markerte innføringa av krisesenterlova eit anna viktig skifte i arbeidet mot vald i nære relasjonar. Tidlegare var krisesentera i hovudsak drivne av frivillige organisasjonar, utan lovpålagd plikt for det offentlege til å tilby eit tilgjengeleg og likeverdig tenestetilbod.



Med lova fekk kommunane eit formelt ansvar for å sikre trygge og tilpassa krisesentertjenester for både kvinner, menn og barn som er utsette for vald. Endringa løfta problematikken frå å vere eit privat eller frivillig ansvar til å bli ei offentleg forplikting, på linje med andre velferdstenester. Lova bidrog òg til betre vern og oppfølging av valdsutsette, og sikra at krisesentera ikkje berre fungerer som akutte tilfluktsstader, men òg som rådgjevande og støttande instansar på vegen vidare.

Vald i nære relasjonar rammar på tvers av alder, kjønn og sosiale skiljelinjer. Personar i alle aldrar – barn, vaksne og eldre – kan både utøve og bli utsette for vald. Forsking viser tydeleg at slik vald kan få alvorlege konsekvensar, både på kort og lang sikt.

For å møte dette komplekse samfunnsproblemet er det avgjerande med ei heilskapleg tilnærming. Eit samfunn fritt for vald i nære relasjonar krev kontinuerleg førebyggjande innsats og ein tydeleg erkjenning av at tryggleik og menneskeverd er eit felles ansvar.



Vold er enhver handling rettet mot en annen person, som gjennom at denne handlingen skader, smerter, skremmer eller krenker, får den personen til å gjøre noe mot sin vilje eller slutte å gjøre noe den vil.

(Per Isdal)




1.1 Om handlingsplanen

Handlingsplanen er ein fagplan og gjeld frå 2026-2030. Den tek utgangspunkt i nasjonale føringar og skal gi felles retning for kommunane sitt arbeid mot vald i nære relasjonar på Sunnmøre. For å lykkast med tidleg innsats og førebygging krev det at kommunane sett handlingsplanen på dagsorden. Samarbeidsutvalet for krisesenteret på Sunnmøre (SAMU) vil gjennomføre årleg fagdag og planen skal vere årleg tema.

Handlingsplanen inneheld:

- Informasjon om vald i nære relasjonar, ansvar, plikt og rettar.
- Våg å sjå, våg å spørje - kunnskap til å handle.
- Oversikt over hjelpeapparatet - kommunale tenester, samarbeidsaktørar, nasjonale tenester og nettressursar.
- Tiltak for perioden 2026-2030.
- Handlingskort ved mistanke om vald eller overgrep ([LENKE](#)).

Handlingsplanen er kjønnsnøytral. Vi brukar omgrepa valdsutsett og valdsutøvar.



2. BAKGRUNN OG PLANPROSESS

Kommunane på Sunnmøre har sidan 2021 samarbeidd om ein felles handlingsplan mot vald i nære relasjonar. Den første planen gjaldt for perioden 2021-2025, og denne utgåva er ein revidert og evaluert versjon av den opphavlege planen. Arbeidsgruppa har vore samansett av representantar frå dei ulike kommunane samt politiet.

Samarbeidsutvalet for Krisesenteret på Sunnmøre (SAMU) møtast to gongar i året og leiast av vertskommunen Ålesund. Ein representant frå kvar kommune deltek. Revidering av handlingsplanen vart vedteken i SAMU i møte 25.10.24:

“Handlingsplan mot vald i nære relasjonar skal reviderast i 2025, med ei politisk sluttbehandling. Det er viktig å sikre brei involvering, men at dette vert gjort på ein måte som ikkje fører til stort beslag på tid og personalressursar for kommunane”.

Arbeidsgruppa for revidering av planen:

- Cecilie R. Teunissen – Leiar, Krisesenter for Sunnmøre
- Lodvar Espeland – Rådgjevar oppvekst, Ålesund kommune
- Arild Helland – Seksjonsleiar, Seksjon for førebygging, Møre og Romsdal politidistrikt
- Camilla Longva Larsen – Rådgjevar livsløp, Haram kommune
- Carolin Urke – Einingsleiar barne- og familietenestene, Sykkylven kommune
- Lene Bjåstad Gjerde – Spesialkonsulent, Søre Sunnmøre barnevernssamarbeid
- Hans Erstad Skovly – Fagansvarleg partner- og æresrelatert vald, Seksjon for førebygging, Møre og Romsdal politidistrikt
- Bodil Finnvik Hansen – Seniorrådgjevar, Statens Barnehus Ålesund, Møre og Romsdal politidistrikt

2.1 Visjon

Våg å sjå, våg å spørre - kunnskap til å handle.

2.2 Formål

Formålet med denne handlingsplanen er å styrke innsatsen i samfunnet mot vald i nære relasjonar gjennom førebygging, tidleg avdekking og betre oppfølging av dei som er utsette. Planen skal sikre eit heilskapleg og samordna arbeid på tvers av sektorar, slik at hjelpetenester, politi og andre relevante aktørar samarbeider effektivt for å verne om og støtte dei som treng det.

Mål med planen:

- Å førebygge vald ved å auke kunnskap, bevisstgjerings- og haldningsskapande arbeid.
- Å avdekkje vald tidleg slik at utsette raskt kan få hjelp og vern.
- Å forbetre samhandlinga mellom ulike instansar for å sikre ein koordinert innsats.
- Å bidra til nulltoleranse for vald i samfunnet gjennom retningslinjer og tiltak.

2.3 Målgruppe

Handlingsplanen er utarbeidd for alle som bur eller oppheld seg på Sunnmøre, både privatpersonar og tilsette i hjelpeapparatet.

2.4 Forankring

For å lykkast i arbeidet mot vald i nære relasjonar er det avgjerande at temaet kjem på dagsorden i kommunane. For at implementeringsprosessen skal bli vellykka må handlingsplanen vere fagleg relevant, konkret og opplevast som nyttig av tenesteutøvarar. Arbeidet og tiltaka må forankrast politisk og administrativt på leiarnivå.

2.5 Kommunen sitt ansvar

Kommunen sitt ansvar favnar vidt og er eit samansett arbeidsfelt. Kommunen har eit særleg ansvar for å førebygge, avdekke og avverge vald og overgrep. Oppgåvene strekker seg frå generelt folkehelsearbeid til tett individuell oppfølging av enkeltpersonar.

Lovbestemmelsar som gjeld for kommunen si verksemd:

Plan- og bygningslova (2008, § 3-1) Oppgåver og omsyn i planlegging etter lova: fremje befolkninga si helse og motverke sosiale helseskilnader, samt bidra til å førebygge kriminalitet.

Folkehelselova (2011, § 1) Folkehelsearbeidet skal fremje befolkninga si helse, trivsel, gode sosiale og miljømessige forhold og bidra til å førebygge psykisk og somatisk sjukdom, skade eller liding. Lova skal legge til rette for eit langsiktig og systematisk folkehelsearbeid.

Barnehagelova (2005, § 1) Barnehagen skal i samarbeid og forståing med heimen ivareta barna sine behov for omsorg og leik, og fremje læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling.

Barnehagen skal byggje på grunnleggande verdiar i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfridom, nestekjærleik, tilgiving, likeverd og solidaritet, verdiar som kjem til uttrykk i ulike religionar og livssyn og som er forankra i menneskerettane.

Opplæringslova (2023, § 1-3) Elevane og lærlingane skal utvikle kunnskap, dugleik og haldningar for å kunne meistre liva sine og for å kunne delta i arbeid og fellesskap i samfunnet.

Lov om barnevern (2021, § 1-1) Formålet er å sikre at barn og unge som lever under forhold som kan skade deira helse og utvikling, får nødvendig hjelp, omsorg og vern til rett tid. Lova skal bidra til at barn og unge vert møtt med tryggleik, kjærleik og forståing.

Lova skal bidra til at barn og unge får gode og trygge oppvekstvilkår.

Helse- og omsorgstenestelova (2011, §§ 1-1 og 3-3 a) Formålet er særleg å førebygge, behandle og legge til rette for meistring av sjukdom, skade, liding og nedsett funksjonsevne, fremje sosial tryggleik, betre levevilkåra for vanskelegstilte, bidra til likeverd og likestilling og førebygge sosiale problem, § 1-1.

Kommunen skal ha særleg merksemd retta mot at pasientar og brukarar kan vere utsett for, eller kan stå i fare for å bli utsett for, vald eller seksuelle overgrep. Kommunen skal legge til rette for at helse- og omsorgstenesta blir i stand til å førebygge, avdekke og avverge vald og seksuelle overgrep, § 3-3 a.

Sosialtenestelova (2009, § 1) Formålet med lova er å betre levekåra for vanskelegstilte, bidra til sosial og økonomisk tryggleik, herunder at den enkelte får høve til å leve og bu sjølvstendig, og fremje overgang til arbeid, sosial inkludering og aktiv deltaking i samfunnet. Lova skal bidra til at utsette barn og unge og deira familie får eit heilskapleg og overordna tenestetilbod. Lova skal bidra til likeverd og likestilling og førebygge sosiale problem.

Krisesenterlova (2009, § 4) Kommunen skal sørge for eit krisesentertilbod som skal kunne nyttast av personar som er utsette for vald eller trugslar om vald i nære relasjonar og som har behov for rådgjeving eller eit trygt og mellombels butilbod, § 2. Kommunen skal sørge for at kvinner, menn og barn som er utsette for vald eller truslar om vald i nære relasjonar, får ei heilskapleg oppfølging gjennom samordning av tiltak mellom krisesentertilbodet og andre delar av tenesteapparatet. Forslag til nytt lovverk er på høyring.



2.5.1 Samordning av tenester


Kommunane har ansvar for å samordne tenestene sine og sørge for at utsette for vald i nære relasjonar får heilskapleg oppfølging. Særleg gjeld det ei barnesentrert tilnærming kor kommunane skal sørge for at barn får heilskapleg oppfølging gjennom samordning av tiltak mellom krisesentertilbod og andre delar av hjelpeapparatet. Det krev tverretatleg samarbeid, både på systemnivå og i enkeltsaker. Frå august 2022 tredde det i kraft nye bestemmelsar om samarbeid, samordning og barnekoordinator i 14 velferdstenestelover. Endringane var eit tiltak for å sikre meir heilskaplege tenester og for å styrke oppfølginga av utsette barn, unge og deira familiar gjennom auka samarbeid mellom velferdstenestene. For utsette for vald i nære relasjonar må samarbeidet omfatte både kommunen sine egne tenester, krisesenter, andre tilbod til valdsutsette og valdsutøvarar, samt statlege tenester som politi, familievern og spesialisthelsetenester.

2.5.2. BTI- Betre tverrfagleg Innsats

Kommunane som omfattast av denne handlingsplanen, er BTI-kommunar.

BTI er ein samhandlingsmodell for tenester som møter gravide, barn, unge og foreldre som det er knytt undring eller bekymring til. Målet med BTI-modellen er å kvalitetssikre heilskapleg og koordinert innsats utan at det blir brot i oppfølginga.

BTI fremjar tidleg innsats, samordning og medverknad. Modellen gir ei oversikt over handlingsforløp på ulike nivå, og kan bidra til å rette opp svikt i samhandlinga mellom tenester på lokalt, regionalt og statleg nivå.



Nivå 0	Nivå 1	Nivå 2	Nivå 3
Definer uroa for eit barn. Dei uroa med næraste leiar, før du eventuelt deler uroa med føresette/barnet.	Jobb saman med føresette barn for å finne ei løysing. Her vert det i utgangspunktet jobba innan ei enkelt teneste/avdeling.	Jobb i tverrfagleg samarbeid mellom kommunale tenester, føresette og barn for å løyse utfordringa.	Jobb i tverrfagleg samarbeid mellom ulike kommunale tenester, føresette/og tilviste tenester for å løyse utfordringa.
1 Definer uroa for eit barn	1 Samtykke til stafettlogg	1 Nettverksmøte - oppstart	1 Første møte med aktuell instans
2 Del uroa med leieren din	2 Skap felles forståing	2 Nettverksmøte - planlegg tiltak	2 Planlegg tiltak
3 Del uroa med føresette/barnet	3 Sett i verk tiltak	3 Sett i verk tiltak	3 Sett i verk koordinerte tiltak
4 Grunn til vidare oppfølging	4 Evalueringsmøte - drøftingsdel	4 Evalueringsmøte - drøftingsdel	4 Evalueringsmøte - drøftingsdel
5 Avslutt saka	5 Evalueringsmøte - avgjerd om vegen vidare	5 Evalueringsmøte - avgjerd om vegen vidare	5 Evalueringsmøte - avgjerd om vidare koordinert innsats

3. PLANVERK

3.1 Sentrale føringar

For å sikre eit godt og samordna arbeid mot vald i nære relasjonar, er det viktig å kjenne til dei overordna føringane som ligg til grunn. Desse føringane kjem frå lovverk, nasjonale strategiar og internasjonale avtalar som forpliktar Noreg til å førebygge og bekjempe vald i nære relasjonar. Oversikta er ikkje uttømmende.

3.1.1. Lovverk

- **Straffelova (2005)** – Omtalar vald i nære relasjonar som mishandling. Dette blir definert som ei alvorleg straffbar handling, og gir grunnlag for strenge straffereaksjonar, jf. § 282.
- **Lov om barn og foreldre (1981)** – Sikrar barns rett til vern mot vald og regulerer foreldra sitt omsorgsansvar.
- **Barnevernslova (2021)** – Pålegg offentlege instansar å beskytte barn mot omsorgssvikt og vald.
- **Helse- og omsorgstenestelova (2011)** – Pålegg kommunen å avdekke, varsle om og følgje opp personar som er utsette for vald.
- **Politolva (1995)** – Politiet sitt ansvar for å førebygge og handtere vald i nære relasjonar, inkludert besøksforbod og valdsalarm.
- **Likestillings- og diskrimineringslova (2017)** – Sikrar rettar for særleg sårbare grupper, og omfattar også vald med kjønnsbaserte motiv.

3.1.2. Nasjonale strategiar og handlingsplanar

- **Opptappingsplan mot vald og overgrep mot barn og vald i nære relasjonar- trygghet for alle (2024–2028)** – Skal styrke innsatsen for å hjelpe valdsutsette og auke kompetansen i hjelpeapparatet.
- **Nasjonal strategi for bustad og tenester til voldsutsette (2021–2024)** – Skal sikre trygge butilhøve og tenester for personar som er utsette for vald.
- **Handlingsplan: Sjef i eget liv – 2025-2028** – Styrka innsats mot negativ sosial kontroll og æresmotivert vald.
- **Sluttrapport: Handlingsplan mot vald i nære relasjonar (2021–2024)** – Overordna nasjonal strategi for førebygging, avdekking og handtering av vald.

3.1.3. Internasjonale forpliktingar

- **Istanbul-konvensjonen (2011)** – Europarådets konvensjon om førebygging og bekjemping av vald mot kvinner og vald i nære relasjonar.
- **FNs barnekonvensjon** – Sikrar barn sin rett til vern mot vald og overgrep.
- **FNs kvinnekomité (CEDAW)** – Pålegg statar å motarbeide diskriminering og vald mot kvinner.
- **Den europeiske menneskerettighetskonvensjonen (EMK).**

Desse føringane legg rammene for arbeidet på nasjonalt, regionalt og lokalt nivå, og dei skal sikre at innsatsen mot vald i nære relasjonar er systematisk, kunnskapsbasert og i tråd med både norske og internasjonale forpliktingar.



4. DEFINISJONAR

Avdekking fordrar kunnskap.

Handlingsplanen er kjønnsnøytral - vi nyttar omgrepa valdsutsett og valdsutøvar.

4.1 Vald

Ein mykje brukt definisjon, både i Norge og internasjonalt, er henta frå Per Isdal: «Vald er ei kvar handling retta mot ein annan person, som ved å skade, påføre smerte, skremme eller krenke, får den personen til å gjere noko mot sin vilje – eller til å slutte å gjere noko han eller ho vil.»

4.2 Vald i nære relasjonar

Vald i nære relasjonar er alle former for vald eller trugslar om vald frå ein nærstående person. Vald i nære relasjonar kan ofte vere gjentakande handlingar over tid, og kan kome til uttrykk på mange ulike måtar.

I straffelova § 282 blir nære relasjonar definert som noverande eller tidlegare ektefelle eller sambuar, noverande eller tidlegare ektefelle eller sambuar sin slektning i rett nedstigande linje, slektning i rett oppstigande linje, nokon i same husstand, eller nokon som ein har omsorg for.

Dette inneber at nære relasjonar òg omfattar sysken, barn og foreldre, besteforeldre og barnebarn. Ein kan seie at ein nær relasjon tyder at partane har eller har hatt eit nært forhold til kvarandre, ofte med kjensler, gjensidige forpliktingar og/eller avhengnad. Handlingsplanen inkluderer også storfamilie, kjæraste og bufellesskap som delar av nære relasjonar.

5. ULIKE FORMER FOR VALD

Vald kjem i ulike former og kan vere overlappende. Oversikta under er ikkje uttømmende.

5.1 Fysisk vald

Handlingar som forårsakar fysisk skade eller smerte, men også handling som fysisk hindrar den andre sin fridom. Eksempel på fysisk vald er: Slå, sparke, gi juling, ta kvelartak, riste, klype, klore, bite, lugge, halde fast, dytte, sperre inne.

5.2 Psykisk og emosjonell vald

Gjentatt nedverding, truslar, kontroll, avvising eller ignorering. Det kan handle om å bli kalla sårande ting, bli utsett for skuld og skam, eller å leve i frykt for sinne eller avvising. Målet er ofte å kontrollere eller svekke sjølvkjensla til den som blir ramma, og konsekvensane kan være alvorlege – som angst, depresjon og langvarig traume.

5.3 Vitne til vald

Det å sjå eller høyre vald kan vere minst like skadeleg som det å sjølv bli direkte utsett for det.

5.4 Seksuell vald

Alle former for seksuell krenking, overgrep og utnytting.

Valden gjerast mot den utsette sin vilje eller ein som er ute av stand til å motsette seg, mot barn under 16 år eller mot ein som ikkje er samtykkekompetent.

NOVA sin omfangsundersøking om vald og overgrep mot barn og unge frå 2023 visar at omfanget av seksuell vald mellom jamaldrande har auka betydeleg frå 2015 til 2023 for både jenter og gutter. For nesten alle formar for seksuell vald er delen utsette dobla i løpet av perioda. Dei aller fleste tilfelle av seksuell vald utøvast av jamaldrande, som regel av ein den utsette kjenner frå før. Det kan vere ein venn eller venninne, ein kjæraste eller tidlegare kjæraste.

5.5 Latent vald

Valden «ligg i lufta». Dei som har vore utsett for vald, fryktar at valden skal gjenta seg. Risiko for ny vald kan styre alt den valdsutsette gjer utan at det føreligg nokon aktiv trugsel.

5.6 Materiell vald

Handlingar som går ut over ting og gjenstandar for å skremme, krenke eller kontrollere. Ofte går handlingane utover gjenstandar som betyr noko spesielt for den andre.

5.7 Økonomisk vald

Kontroll over den valdsutsette sin økonomi, eller trugslar og tvang i økonomiske spørsmål. Konsekvensen er ofte økonomisk underdanigheit og avhengnad.

5.8. Digital vald

Trugslar, trakassering og seksuelle overgrep via meldingar eller sosiale media, overvaking og kontroll via elektronikk.

5.9. Æresrelatert vald

Æresrelatert vald kan vere utløyst av familien sitt behov for å ivareta eller gjenopprette ære og anseelse. Dette førekjem i familiar og grupper der individet blir forventet å innordne seg kollektivet, og der æresnormer står sterkt. Æresrelatert vald kan omfatte fleire handlingar som negativ sosial kontroll og tvangsekteskap, men også andre valdsuttrykk som nedverding, truslar, utstøyting og anna psykisk eller fysisk vald, inkludert drap.

5.10. Negativ sosial kontroll

Bruk av ulike former for overvaking, press, truslar og tvang for å sikre at den einskilde lever i tråd med familien eller gruppa sine normer og verdiar. Negativ sosial kontroll kjenneteiknast ved at den einskilde blir fråteken retten til å styre sitt eige liv.

5.11. Menneskehandel

Menneskehandel er at ein person ved hjelp av vald, trugslar, misbruk av sårbar situasjon eller annan utilbørleg åtferd utnyttar nokon til prostitusjon eller andre seksuelle formål,

tvangsarbeid og tvangstenester, derunder tigging, krigsteneste i framand land eller fjerning av vedkommande sine organ, med formål om å oppnå økonomisk vinning eller andre fordelar (straffelova § 257).

5.12. Tvangsekteskap

Tvangsekteskap kan definerast som ekteskap som er organisert slik at minst ein av ektefellane

- ikkje har eit reelt høve til å velje å forbli ugift utan å bli utsett for represaliar
- ikkje har eit reelt høve til å velje ein annan partner på tvers av familien sitt ynskje utan å bli utsett for represaliar
- har samtykka til ekteskap etter utilbørleg press, trugslar eller annan psykisk/fysisk vald.

5.13. Kjønnsslemlesting

Kjønnsslemlesting er ulike inngrep der jenter sine ytre kjønnsdelar blir fjerna heilt eller delvis, eller blir påført annan varig skade utan medisinsk grunn. Dette er ein gammal tradisjon fleire stadar i verden. Mange kallar dette omskjering eller sunna.

5.14. Fortsettelsevald

Fortsettelsesvald inneberer vald som held fram etter og til tross for eit samlivsbrot.

Denne valden kan utøvast på mange måtar. Det kan til dømes sjåast der den valdsutsette må samarbeide med valdsutøvar om foreldreskap kor kontakta gi valdsutøvar moglegheit for å fortsette vald og kontroll.



6. Å LEVE MED VALD


«Eg kan verken leve med deg eller utan deg»

Mange valdsutsette skammar seg, og kjenner at det må vere noko gale med dei som blir utsett for vald. Nokre klarer ikkje å identifisere seg med å vere valdsutsett. Det er ikkje uvanleg at den valdsutsette kjenner skuld for valden.

For mange er det vanskeleg å fortelje nokon om valden, og dette fører til at valden blir ein hemmelegheit dei lever med i mange år.

6.1 Valdssirkelen

Valdssirkelen er ein forenkla modell som forklarar korleis vald i nære relasjonar ofte gjentek seg i eit mønster. Sirkelen viser at valdsutøving ikkje nødvendigvis er konstant, men kan gå i syklusar med ulike fasar. Dette kan gjere det vanskeleg for den som er utsett for vald å forstå at ein er i eit valdeleg forhold og bryte ut av dette. Mange som opplever vald i nære relasjonar, sit fast i sirkelen fordi dei håpar på endring, kjenner skuld, fryktar konsekvensane av å forlate forholdet, eller er økonomisk og sosialt avhengige av valdsutøvar. Å forstå valdssirkelen er viktig – både for dei som er utsette for vald, fagpersonar og pårørande – slik at ein kan identifisere mønsteret og finne ein veg ut av situasjonen.



6.1.1. Fasane i valdssirkelen:

Spenningsfasen:

- Konfliktar og frustrasjonar byggjer seg opp over tid.
- Den valdelege parten blir gradvis meir irritabel og kritisk.
- Den valdsutsette prøver ofte å unngå konflikt ved å tilpasse seg, blidgjere eller unngå visse situasjonar.

Valdsepisoden:

- Spenninga når eit punkt der vald blir utøvd.
 - Dette kan vere fysisk, psykisk eller seksuell vald, eller økonomisk kontroll.
 - Episoden kan vare frå nokre minutt til fleire timar eller dagar.
- Reparasjonsfasen (honeymoon-fasen):
- Etter valdsepisoden kan valdsutøveren vise anger og be om tilgjeving.
 - Det kan kome løfte om endring, kjærlege gestar og gode periodar.
 - Den valdsutsette håpar gjerne på endring og trur at valden ikkje vil gjenta seg.

Normaliseringsfasen:

- Kvardagen går tilbake til det tilsynelatande normale.
- Både den valdsutsette og valdsutøveren kan late som om ingenting har skjedd.
- Gradvis byggjer spenninga seg opp igjen, og sirkelen startar på nytt.

6.2 Å forlate eit valdeleg forhold

Å forlate eit valdeleg forhold kan vere svært vanskeleg – både emosjonelt, praktisk og økonomisk. Mange som lever i slike forhold, opplever frykt, skuld, skam eller eit håp om at partnaren vil endre seg. Valdsutøveren kan òg manipulere og kontrollere den valdsutsette, noko som gjer det endå vanskelegare å gå.

Brotfasen kan vere den farlegaste tida for ein som har levd med vald i nære relasjonar. Mange opplever auka truslar, forfølging eller vald når dei prøver å gå. Statistikken viser at risikoen for alvorleg vald – inkludert drap – ofte er høgast i perioden rett etter at den valdsutsette har forlatt forholdet.

For å bryte ut av valdssirkelen treng den valdsutsette støtte frå familie og nettverk, samt rådgjeving frå hjelpeapparatet. Lovverk og offentlege beskyttelsestiltak spelar òg ei viktig rolle i å hjelpe personar ut av valdsrelasjonar.

6.3 Barn sin lojalitet og redsel

Barn fortel sjeldan om vald eller overgrep i nære relasjonar. Mange barn seier ikkje frå om kva dei er utsette for – verken til vaksne eller til hjelpetenester. Nokre barn veit ikkje at det dei opplever er ulovleg, eller at det finst hjelp å få. Dei minste barna har ofte verken omgrep eller språk for å uttrykkje seg verbalt. Difor er det særleg viktig at vaksne kjenner **att teikn og symptom** på at barn kan vere utsette for vald og overgrep.

Redselen for å fortelje kan også skuldast ytre press. Barn kan få beskjed om at overgrepet er ein hemmelegheit, og at noko vondt vil skje dersom dei seier noko. Dei kan til dømes bli trua med at ein forelder kjem til å dø, bli skada – eller at nokon dei er glade i må i fengsel. Mange barn får høyre at ingen vil tru på dei.



**Det er difor avgjerande at vaksne tør å tenke:
Barn KAN vere utsette for vald eller overgrep.**

Redselen for å fortelje kan også handle om ytre mekanismar. Barn kan få beskjed om at overgrepet er hemmeleg og dersom dette vert fortalt kan for eksempel ein forelder dø eller bli skada. Barn kan få høyre at ingen vil tru på historia eller dei kan vere redde for at nokon dei er glad i må i fengsel. Ein må våge å tenke at barn KAN vere utsett for vald eller overgrep.

“

I 2005 vart 8 år gamle Christoffer funnen livlaus i senga si. Over tid vart han mishandla av sin stefar, utan at nokon slo alarm. Christoffer sin død rysta heile Noreg.

[Hør hele historien her: NRK Radio](#)

”

7. SÅRBARE GRUPPER

I samfunnet finst det grupper som er særleg utsette for vald i nære relasjonar, som barn, eldre, gravide og personar med funksjonsnedsetjing eller psykiske helseutfordringar. Det er viktig å forstå dei ulike risikofaktorane for å kunne gi rett hjelp og førebygge vald. Denne oversikta viser kva som gjer desse gruppene sårbare, og understrekar behovet for tidleg innsats og betre samarbeid.

7.1 Barn og unge

Barn og unge kan bli utsette for fysisk, psykisk eller seksuell vald i nære relasjonar – ofte utan at omverda merkar det. Å vere vitne til vald kan vere like skadeleg som sjølv å bli ramma. Særleg små barn har vanskar med å forstå og formidle det dei opplever. Vald i barndommen aukar risikoen for seinare å bli involvert i vald, anten som utsett eller utøvar. Rapportar som NOU Svikt og svik (2017) og Kripos sin rapport Alvorlig vold mot små barn (2019) viser at hjelpetenestene ofte sviktar i samarbeid og tidleg innsats.

7.2 Gravide

Gravide er ikkje nødvendigvis meir utsette for vald generelt, men viss dei har tidlegare erfaringar med vald, opplever uønskt graviditet eller er svært unge, er risikoen høgare. Kjensler som skuld og skam kan forsterkast under graviditet. Retningslinjene for svangerskapsomsorg (IS-2181) tilrår at helsepersonell spør alle gravide om valdserfaringar – også i samtalar der kvinna er åleine.

7.3 Eldre

Eldre kan bli utsette for vald frå ektefelle, barn eller andre nærstående. Valden kan vere fysisk, psykisk eller ta form av truslar og kontroll. Mange eldre lever isolert, noko som gjer det vanskeleg å oppdage vald. Aldersrelaterte endringar i helse og åtferd kan dessutan skjule teikn på vald. Lojalitet til valdsutøvar, skam eller redsle kan gjere det vanskeleg å seie frå.

7.4 Personar med funksjonsnedsetjing

Personar med funksjonsnedsetjing er ofte avhengige av hjelp frå andre, noko som kan skape ein maktubalanse og auke sårbarheita. Denne avhengnaden kan gi valdsutøvar makt og kontroll over kvardagen, og redusere moglegheita for å søkje hjelp eller seie frå om vald.

7.5 Personar med psykiske og/eller rusrelaterte utfordringar

Personar med rus- og psykiske helseproblem (ROP) er sårbare for vald – både som utsette og som utøvarar. Tidlegare traume, rusbruk og psykiske vanskar kan forsterke kvarandre og skape ein negativ sirkel. Mange har låg terskel for å be om hjelp. Difor er det viktig at tenestene gir samordna, heilskapleg og lett tilgjengeleg støtte.



7.7 Personar med flyktning- eller innvandrarbakgrunn

Flyktningar og innvandrarar kan vere særleg sårbare for vald i nære relasjonar. Sosial isolasjon, språkbarrierar, manglande kunnskap om rettar og hjelpetilbod, samt låg grad av sosial integrering, kan gjere det vanskeleg å søkje hjelp. Dette kan føre til at valden får halde fram over tid utan at nokon oppdagar det.



8. VÅG Å SJÅ

Avdekking fordrar kunnskap.

Det er utarbeidd handlingskort som viser kva ein skal gjere dersom ein mistenkjer vald i nære relasjonar, eller vald og seksuelle overgrep mot barn.

Handlingskorta er omsette til fleire språk: [Klikk her](#) eller scan QR-kode.



8.1 Teikn på vald og overgrep

Det finst mange former for vald og overgrep. Nokre er synlege, medan andre er mindre openbare.

Ein skadetype åleine er ikkje eit sikkert teikn på vald. Det er grunn til bekymring dersom du finn fleire teikn, gjentekne teikn, eller om forklaringane på korleis skaden skjedde, ikkje stemmer med den faktiske skaden.

Er du bekymra, men har inga konkrete haldepunkt, berre ein uggen magekjensle, bør du skrive logg og tidslinje over hendingar. Det er summen av alle dei små teikna som kan vere avgjerande for om ein klarer å avdekke vald i nære relasjonar. Fysiske teikn forsvinn, så ta gjerne bilete for å dokumentere dersom det let seg gjere på ein forsvarleg måte.

8.1.1 Fysisk vald

Dei fysiske teikna opptrer sjeldan åleine. Her er typiske teikn på at ein person kan ha blitt utsett for fysisk vald:

Fysiske skadar

- Hevelse, blåmerke, rift, kutt eller arr.
- Eitt eller fleire blåmerke/arr som dannar mønster i huda.
- Fleire blåmerke med same storleik eller form, rettlinja eller mønstra.
- Blåmerke som ikkje let seg naturleg forklare.
- Blåmerke på område som:
 - Rygg, bryst, mage, rumpe, kjønnsorgan.
 - Venstre øyre, kinn, framside lår, overarm.
 - Hudbløding rundt hals/nakke, rundt handledd og/eller rundt anklar.

Brannskadar

- Merke etter gjenstandar som sigarettar, bestikk eller strykejern.
- Skåldeskadar med tydeleg avgrensing mot frisk hud.

Bitemerke

- Bitemerke personen ikkje har påført seg sjølv.
- Når det er meir enn 3 cm mellom merka etter hjørnetenna, er bitet sannsynleg påført av ein vaksen.

Skadar i ansiktsområdet

- Sår i munnhole – kan vere teikn på tvangsmating.
- Hevelse, bløding, rift og sår på lepper.
- Hevelse, misfarging og teikn på kraftig lugging i hovudbotnen.
- Hevelse, bløding og misfarging rundt og i auge.

Skjelettskadar og beinbrot

- Beinbrot som blir oppdaga tilfeldig ved kontroll.
- Gjentekne brotskadar.

Hovudskade

Teikn på hovudskade kan vere:

- Endra bevisstheit.
- Krampe og anfall.
- Uregelmessig pust og/eller brekningar.

Feilmedisinering og forgifting

- Person som får høgare dose medisin enn anbefalt eller føreskrive, kan bli forgifta.

Teikn på forgifting:

- Nedsett bevisstheit.
- Krampe.
- Oppkast.
- Diare.
- Unormalt pustemønster.

8.1.2 Psykisk vald

Her er døme på psykisk vald:

Trugslar

- Om å forlate personen i sårbar situasjon.
- Om å skade eller drepe nokon.
- Om å drepe kjæledyr.

Nedvurdering og audmjuking

- Nedsettande eller sårande utsegn.
- Verbale skuldingar.
- Kritikk av nokon sin verdi.



Avvising

- Ignorering.
- Neglisjering.
- Eksklusjon.

Tvang

- Tvinge nokon til å innrømme urettmessig skuld.
- Overstyre nokon sin vilje når det ikkje er heimla i lov.

Materiell og latent vald

- Tilsikta øydelegging av ting.
- Å vere vitne til vald.
- Frykt for nye valdshandlingar.

Negativ sosial kontroll

- Overvaking.
- Kontroll over kven ein får snakke med.
- Kontroll over kva vennar ein får ha.
- Kontroll over kva kjæraste ein får ha.
- Kontroll over kven ein får gifte seg med.
- Kontroll over bruk av sosiale media, internett og mobil.
- Kontroll over kva personane har på seg/klesdrakt.

8.1.3 Seksuelle overgrep

Seksuelle overgrep etterlet seg ofte ikkje fysiske spor eller forandringar, og kan derfor vere vanskeleg å oppdage. Personar som har vore utsette for seksuelle overgrep kan likevel vise fysiske eller psykiske teikn.

8.1.3.1 Fysiske teikn

- Vanskeleg å sitte eller gå.
- Merke, bløding, blåmerke, risp eller sår ved kjønnsorgan, rumpe eller lår.
- Spor av sæd på kropp, klede eller gjenstandar.
- Kjønnssjukdommar.
- Graviditet.
- Øydelagt, blodig eller tilgrisa undertøy.
- Smerte eller ubehag ved tissing og/eller avføring.
- Tilbakevendande urinvegsinfeksjonar.
- Magesmerte, forstopping.
- Tannråde.

8.2 Reaksjonar og symptom på vald og overgrep

Valdsutsette kan ha varierende reaksjonar eller symptom. Nokon viser ikkje tydelege reaksjonar, medan andre kan utvikle symptom gradvis eller akutt.

Eksempla under er ikkje uttømmende. Valdsutsette kan også gje andre signal enn dei som blir skildra her, særleg dei som er omtalt under kapittelet; sårbare grupper. Det er også viktig å hugse at symptom ikkje alltid tyder på vald, men merksemda bør aukast dersom slike symptom blir observert.

Kjenslemessige reaksjonar

- Endring i humør.
- Angst, uro, stress eller frykt.
- Aggressivitet.
- Mangel på mimikk/apati.
- Søvnproblem eller gjentakande mareritt.

Uvanlege reaksjonar på hendingar eller personar

- Endra åtferd når ein bestemt person er til stades.
- Overdriven merksemd overfor ein bestemt person.
- Reagerer uvanleg på smak, lukt, rørsler eller liknande.
- Frykt for undersøking hjå lege, gynekolog eller tannlege.
- Utsette for seksuelle overgrep har ofte problem med å få ting i munnhola.
- Verkar ukritisk overfor framande.

Problem med intimitet og nærleik

- Unngår intimitet.
- Manglande emosjonell tilknytning til andre personar.

Destruktiv eller grenseoverskridande åtferd

- Sjølvskading.
- Sjølvmordsforsøk.
- Spiseproblem.
- Alkohol- og stoffmisbruk.
- Seksualisert åtferd i forhold til alder og modning.
- Utsett andre for vald eller overgrep.

Tap av ferdigheiter

- Går tilbake i utvikling (regresjon).
- Problem med konsentrasjon og hukommelse.
- Viser mindre sjølvstende.
- Ufrivillig vannlating og/eller avføring.



9. VÅG Å SPØRJE

Mange synes det er vanskeleg å spørje dersom ein har mistanke om vald i nære relasjonar. Men, det å bli spurt kan opplevast som å bli sett og kan vere heilt avgjerande for at den utsette skal våge å fortelje.

Prøv å få til ein dialog med den du er bekymra for. Dersom ein er bekymra for om barn og unge er utsett for vald i nære relasjonar, skal føresette ikkje bli kontakta. Ikkje lov barnet at du ikkje skal seie det til nokon. Forklar barnet at du må snakke med nokon andre vaksne om det barnet har fortalt.

9.1 Ta opp bekymringa di med den det gjeld

Samtalen kan vere:

- Spontan – rundt det som skjer, eller det personen fortel.
- Støttande – når du ser at ein person har det vanskeleg.
- Planlagt og undersøkende – dersom du er bekymra for ein person og ynskjer å finne ut korleis han eller ho har det.

Ein kan bruke handlingkorta som rettleiing. Handlingskorta finn du [her](#).

Viktige råd for samtalen:

- Vis at du ser og høyrer personen, samtidig som du gir tryggleik og omsorg.
- Gi uttrykk for at du er bekymra og tek vedkomande på alvor.
- Slike samtalar kan føre til melding til politi og barnevern, men du skal ikkje gå i detaljar eller etterforske saka.
- Dokumenter samtalen, skriv logg og tidslinje, og skildre skadar. Ta eventuelt bilete dersom det er mogleg.
- Bruk tolk ved behov.

Plikt til å melde frå:

- Har du grunn til å tru at nokon blir utsett for vald eller overgrep, har du plikt til å melde frå.
- Er barn involvert, skal melding gå til både politi og barnevern. Føresette skal ikkje varslast.
- Er det akutt fare for liv og helse, eller du er bekymra for pågåande vald/overgrep, ring politiet på 112 (avvergeplikt, strl. § 196).
- Eventuelle føresette skal ikkje varslast i slike situasjonar.

Les meir om avvergeplikta på [plikt.no](#).

Kontakt for råd og rettleiing:

- Krisesenter for Sunnmøre – 70 16 33 33.
- Statens Barnehus – 70 11 88 50.
- Politi – 02800.
- Barnevernsvakta på Sunnmøre – 91 57 60 20.

9.1.1 Kva spørsmål skal eg stille?

Still opne og undrande spørsmål. Du skal ikkje mase for å få svar.

Under er nokre eksempel på gode spørsmål:

Gode, opne og inviterande spørsmål

- Lytt, ver stille og nikk: «Javel...» – vis at du er interessert i å høyre meir.
- «Ok, fortel meg meir om det at...»
- «Så det gjer ho/han mot deg? Det vil eg gjerne vite.
- «Fortel meg slik at eg forstår kva som skjedde.»

Nøkkelord, gjentaking og spegling

- «Du fortel at han gjer ting med tissen din. Fortel meg kva han gjer.»
- «Kari blir sint, seier du. Kva skjer då?»
- «Eg ser at du grin no. Fortel meg kva som gjer at du grin.»

Fokuserte spørsmål (kan vere naudsynt)

- «Kvar var du då det du fortalte meg, skjedde?»
- «Kven var det som gjorde det mot deg?»
- «Korleis var det for deg då det skjedde?»

Husk alltid å anerkjenne den utsette

- «Takk for at du fortalte meg dette!»
- «Eg vil gjerne hjelpe deg med dette!»
- «Eg er glad du fortalte meg dette, då kan vi...»

9.1.2 Kva spørsmål skal ein ikkje stille?

Det finst spørsmål ein bør unngå fordi dei kan leie personen til svar du forventar å få, men det viktigaste er å våge å spørje og dokumentere opplysningane.

Unngå lukka spørsmål

- «Har nokon slått deg?» (ja/nei)
- «Kven har gjort det, Per eller Kari?»

Nokon kan fort svare bekreftande på det siste alternativet dei får, utan at det nødvendigvis stemmer.

Unngå projiserande spørsmål

- «Det må ha vore forferdeleg vondt for deg?»

Unngå å overføre egne kjensler og førestillingar til den utsette.

Ikkje still leiande spørsmål

- «Han tek deg i skrittet, sant?»
- «Eg trur at mamma slår deg, eg!»



10. KUNNSKAP TIL Å HANDLE

Ved akutte og livstruande situasjonar:

Ring politiet på 112 eller ambulanse på 113.

10.1 Kva skal eg som offentleg tilsett gjere?

Kontakt ditt lokale hjelpeapparat for råd og rettleiing:

- Barneverntenesta i di kommune – **finn nummeret her**.
- Barnevernvakta for Sunnmøre – **91 57 60 20**.
- Politi – **02800**.
- Støttesenter for kriminalitetsutsette – **800 40 008 / 40 44 65 18 (lokalt)**.
- Statens Barnehus Ålesund – **70 11 88 50**.
- Legevakt / overgrepsmottak – **116 117**.
- Krisesenter for Sunnmøre – **70 16 33 33**.

10.1.1 Ved bekymring for barn og unge

- Alle tilsette i kommunane på Sunnmøre har personleg ansvar for å melde frå til politi og barnevern ved mistanke eller grunn til å tru at eit barn eller ungdom er, eller kan bli, utsett for vald eller seksuelle overgrep.
- Informer leiar om bekymringa og legg ein plan saman for vidare handtering.
- Ved mistanke om vald/seksuelle overgrep mot barn og unge skal føresette ikkje informerast om melding til barnevernstenesta eller politiet.
- Det er barnevernstenesta og politiet som vurderer om og når omsorgspersonar skal bli informert.
- Det er viktig å ivareta tryggleiken til barnet – å informere føresette kan utløyse ny eller alvorlegare vald og hindre barnet i å fortelje om vald. Samstundes sikrar ein rettstryggleiken til omsorgspersonane.
- Er du usikker på om avvergeplikta er utløyst? [Les meir her](#).

10.1.2 Ved bekymring for vaksne og eldre

- Dersom du mistenker eller er bekymra for at ein vaksen eller eldre blir utsett for vald eller overgrep, ta opp bekymringa direkte med vedkomande.
- Vurder om du har avvergeplikt – dette er ei personleg plikt.
- Informer leiar om bekymringa og legg ein plan saman for vidare handtering.
- Vurder om personen treng transport til legevakt, overgrepsmottak, fastlege eller krisesenter.
- Dersom det ikkje er aktuelt å følgje opp sjølv, forsøk å etablere kontakt med hjelpeapparatet.
- Merk: Dersom den utsette har mindreårige barn, har du meldeplikt til barnevernstenesta og politi.
- Å vere vitne til vald er også vald og kan krevje melding.

10.2 Kva skal eg som privatperson gjere?

10.2.1 Til deg som er vaksen

- Ved mistanke om at nokon blir utsett for vald i nære relasjonar eller seksuelle overgrep, eller om du er vitne til dette, ta bekymringa på alvor.
- Vurder om du har avvergeplikt. Les meir om avvergeplikta her (lenke).
- Prøv å få til ein dialog med den du er bekymra for (sjå tips her).
- Som privatperson er du ikkje bunden av same regelverk som offentlege tilsette, men avvergeplikta gjeld for alle.

10.2.2 Til deg som er barn/ungdom:

Dersom du er bekymra for at nokon er utsett for vald eller seksuelle overgrep, eller er vitne til dette, ta kontakt med ein vaksen du stolar på, til dømes ein lærar eller helsesjukepleiar.

Du kan også kontakte:

- Alarmtelefonen for barn og unge - **116 111** (har også chat-teneste).
- Barnevernet i di kommune - Finn nummer her.
- Barnevernvakta for Sunnmøre - **91 57 60 20**.
- Politi - **02800**.

10.3 Til deg som er utsett for vald eller overgrep

Er du utsett for vald eller overgrep, eller er redd for å bli det?

Ved akutte og livstrugande situasjonar, ring:

- Politi: **112**.
- Ambulanse: **113**.

For råd og rettleiing, kontakt:

- Politiet: **02800**.
- Krisesenter for Sunnmøre: **70 16 33 33**. Tilbyr tryggt opphald, råd og vidare hjelp. Du kan få hjelp sjølv om du ikkje bur der. Åpent døgnet rundt, heile året.

Andre viktige kontaktar:

- Barneverntenesta i di kommune.
- Alarmtelefonen for barn og unge: **116 111**.
- Legevakt, fastlege, overgrepsmottak og helsesjukepleiar gir råd, rettleiing, medisinsk hjelp og kan sikre spor.
- Familievernkontoret.
Hjelp til par og familiar med vanskar, konflikhtar og valdsproblematikk.
- VO-linjen: **116 006**.
Hjelpelinje for alle som opplever vald eller overgrep i nære relasjonar.

11. HANDLINGSKORT

11.1 Kva gjer du ved mistanke om vald og overgrep mot barn og unge

Utskriftsvennleg versjon finn du [her](#).



HANDLE

Kva gjer du ved mistanke om at eit barn er vitne til vald eller blir utsatt for vald eller overgrep?

Meld frå til barnevernet og politi!

Meldinga skal innhalde: Personaldata, grunn til bekymring, skildre av kva du har sett, høyr, observert, og når. Oppgi kontaktperson og fortel kva som er gjort.

Meldeplikt

Du har sjølvstendig plikt til å melde frå til barnevernet og politi ved mistanke om vald eller overgrep. Dei har ansvar for å undersøkje saka og avgjere vidare tiltak.

ER DU FORTSATT BEKYMRA?

- Send ny melding til barnevernet
- Vurder på nytt om du har avvergeplikt!

VIKTIGE TELEFONNUMMER

Døgnope telefonar

Politi: 112 eller 02800

Krisesenter for Sunnmøre:

- 70 16 33 33

- 94 53 99 45

Legevakta: 116 117

Barnevernvakta: 91 57 60 20

Overgrepsmottaket: 116 117

Telefon kun på dagtid

Statens Barnehus Ålesund: 70 11 88 50

For more information
and other languages:



Illustrasjonar Liza Hasan.
Design og trykk: Hustrykneriet, Ålesund kommune
Tiltak i handlingsplan mot vald i nære relasjonar - Sunnmøre 2026-2030

Kva gjer du VED MISTANKE OM VALD OG SEKSUELLE OVERGREP MOT BARN?



- for deg som jobbar med barn,
er offentlig tilsett, eller nabo



Krisesenter for
SUNNMØRE

Eit interkommunalt samarbeid mellom

Fjord | Giske | Hareid | Herøy | Sande | Stranda | Haram
Sula | Sykkylven | Ulstein | Vanylven | Volda | Ørsta | Ålesund



SJÅ*

- Sår og blåmerke
- Brann- og kuttskade
- Søvn- og spiseproblem
- Magesmerte
- Endring i sinnstemning
- Endring i åtfærd
- Sosial tilbaketrekking
- Utagerande eller «pleasende» åtfærd
- Sårheit, smerter i underliv
- Seksualisert åtfærd
- Sjølvskading
- Hyppige legebesøk og innleggingar på sykehus (med diffuse symptom)
- Dårlig tannhelse
- Familien motsett seg innsyn
- Bruk av rusmiddel

*Lista over er ikkje uttømmende

Vald handlar om meir enn å slå!

Å vere vitne til vald kan vere minst like skadeleg som å sjølv bli utsatt! Å vere vitne til vald er også vald. Det å leve med vald kan vere minst like skadeleg som å sjølv bli utsett!

SPØR

Spør barnet kva som har skjedd, på ein ivaretakande måte. Ver nysgjerrig og utforskande.

Start gjerne med:

- Eg har lagt merke til at...

Skildre det du ser:

- du ofte har vondt i magen...
- du virka sliten/trøtt/trist
- du har blåmerke på armen

TIPS

- Gjenta det barnet seier.
- Still opne spørsmål, ikkje leiande.
- Bruk støtteord som hmm... - ja, fortel, fortel meir
- Spør gjerne fleire gongar.
- Avtal gjerne eit nytt møte med barnet.
- Skrivlogg og tidslinje.
- Dokumenter eventuell skage, ta bilete om mogleg

AKUTTE SITUASJONAR

Når du har grunn til å tru at eit barn blir utsatt for vald eller overgrep, eller kjem til å bli utsatt for det, har du plikt til å handle:

- ved fysiske skader
- ved alvorlege trugslar
- ved mistanke om seksuelle overgrep
- når barnet viser redsel for å gå heim
- når barnet blir henta av rusa foreldre
- ved mistanke om nært forestående/gjennomført kjønnslemlestelse eller tvangsekteskap

Varsle politi og barnevern umiddelbart!

AVKLAR

Eit barn kan fortelje om hendingar i f.eks. ei samlingstund. Ta opp igjen tråden så snart som råd.

- Det du sa i dag, kva meinte du da?
- Eg var ikkje der, fortel så godt du kan...
- Kva skjedde vidare då?
- Du har fortalt meg om...

Utvís varsemd og ikkje spør for detaljert. La barnet fortelje med eigne ord. Lag utfyllande notat. Synleggjer at det barnet har fortalt er viktig.

Ikkje lov barnet at du ikkje skal seie det til nokon.

Forklar barnet at du må snakke med nokon andre vaksne om det barnet har fortalt.

- Du kan rådføre deg med barnevern, krisesenter, barnehuset eller politi.
- Informer leiar om di bekymring. Legg ein plan for vidare handtering.

NB! Ved mistanke om vald og overgrep mot barn skal IKKJE foresatte bli kontakta.

Avvergeplikt

Gjennom straffelova § 196 har vi alle ei personleg plikt til å anmelde eller på annan måte avverge og hindre straffbare forhold. Dette er eit personleg ansvar og det overstyrar teieplikta.

11.2 Kva gjer du ved mistanke om vald i nære relasjonar

Utskriftsvennlig versjon finn du [her](#).



AKUTTE SITUASJONAR

Ved alvorlege truslar og/eller fysiske skader, ring **politiet 112!**

Kontakt **overgrepsmottaket** eller legevakt for undersøking og sporsikring. Unngå kroppsvask før undersøkinga.

Ved halsgrep bør valdsutsette alltid ha legetilsyn.

Tilby den valdsutsette å kontakte **Krisesenteret for Sunnmøre**.

Avvergeplikt

Alle har ei personleg plikt jf. straffelova § 196 til å anmelde eller på annan måte avverge og hindre straffbare forhold. Dette er eit personleg ansvar og det overstyrar teieplikta.

KVA GJER DU?

Rådføring

Er du usikker på kva du skal gjere kan du drøfte saka med krisesenter eller politi, enten anonymt eller med samtykke.

Informasjon om hjelpetilbod

Hjelp den valdsutsette med å komme i kontakt med hjelpeapparatet. Du finn ei oversikt i handlingsplanen ved å scanne QR-koden.

Krisesentertilbodet

Utsette for vald i nære relasjonar kan få tilbod om beskyttelse, sikkerheit, råd og rettleing. Ein treng ikkje vere i akutt krise for å få hjelp. Tenesta er gratis og tilgjengeleg heile døgnet. Du kan ta direkte kontakt og treng ikkje tilvising.

VIKTIGE TELEFONNUMMER

Døgnopne telefonar

Politi: 112 eller 02800

Krisesenter for Sunnmøre:

- 70 16 33 33

- 94 53 99 45

Legevakta: 116 117

Barnevernvakta: 91 57 60 20

Overgrepsmottaket: 116 117



For more information
and other languages:

Illustrasjonar Liza Hasan.
Design og trykk: Hustrykkeriet, Ålesund kommune
Tittak i handlingsplan mot vald i nære relasjonar - Sunnmøre 2026-2030

Kva gjer du


VED MISTANKE OM VALD I NÆRE RELASJONAR?



Krisesenter for
SUNNMØRE

Eit interkommunalt samarbeid mellom

Fjord | Giske | Haram | Hareid | Herøy | Sande | Stranda
Sula | Sykkylven | Ulstein | Vanylven | Volda | Ørsta | Ålesund



SJÅ *

- Sår og blåmerke
- Brann- og kuttskade
- Sjølvskading
- Konsentrasjonsvanskar
- Søvn- og spisevanskar
- Uro og utagerande åtferd
- Endring i sinnsstemning
- Avtalar blir ofte endra
- Familien motsett seg innsyn
- Hyppige legebesøk med diffuse symptom
- Reaksjonar ved kroppskontakt
- Bruk av rusmiddel

*
Lista er ikkje
uttømmande

SPØR

Prøv å få til ein dialog.

Start gjerne med:

- *Eg har lagt merke til at...*

Beskriv det du ser:

- *du er ofte borte frå jobb*
- *du virkar sliten*
- *du har blåmerke på armen*

Fortsett med:

- *Det gjeld kanskje ikkje deg, men mi erfaring er at mange som ikkje har det greit heime kan få slike plager.*
- *Korleis har du det eigentleg heime?*

TIPS

- Still opne spørsmål
- Hugs bruk av tolk bed behov
- Bruk aktiv lytting som - *hmmm...fortell meir om det..*
- Gjenta nøkkelord i det som blir sagt
- Unngå vurderingar av det som har skjedd:
 - *Oi, så forferdeleg*
- Skrivlogg og tidslinje
- Dokumenter eventuell skade, ta bilete om mogleg

AVKLAR *

Korleis artar valden seg?

- Slag, spark, biting, lugging
- Seksuell tvang
- Trua, audmjuka eller latterleggjort
- Manglande råderett over eigen økonomi
- Sosial og digital kontroll
- Øydelegg ting vedkomande er glad i
- Mishandling av kjæledyr
- Æresrelatert vald

Kor alvorleg er valden?

- Er det fare for liv og helse?
- Er du redd noko skal skje i framtida?
- Har du tidlegare vore i kontakt med politi eller krisesenter?

OBS! Kan barn ha vore vitne til valden?

Send bekymringsmelding til barnevernet. Å vere vitne til vald kan vere like skadeleg som å sjølv bli utsett.

Risikofaktorar

Samlivsbrot, tidlegare valdsepisodar, tap av ære, rus og tilgang til våpen kan gi auka risiko for grov vald og partnerdrap.



Ikkje all vald
synast utanpå

12.0 FORMELLE BESTEMMELSAR

Alle offentleg tilsette har teieplikt, opplysningsplikt, meldeplikt og avvergeplikt.

Taushetsplikt, opplysningsrett og opplysningsplikt i forvaltningen – en veileder - regjeringen.no.

12.1 Teieplikt

Alle som utfører ei teneste eller eit arbeid i eit forvaltningsorgan, har teieplikt etter forvaltningslova.

Teieplikta er ei plikt til å ikkje dele fortrulege opplysningar. Teieplikt inneberer:

- Ei passiv plikt til å tie.
- Ei aktiv plikt til å hindre at uvedkomande får tilgang til teiebelagt informasjon.

I nokre tilfelle må ein fråvike teieplikta. I andre tilfelle har ein rett, men ikkje plikt til å fråvike teieplikta. Då vil anten opplysningsplikt, meldeplikt eller avvergeplikt vere gjeldande.

12.2 Opplysningsplikt

Opplysningsplikta går ut på at ein har ei lovfesta plikt til å gi opplysningar til bestemte etatar eller tenester, til dømes dersom politiet eller barnevernstenesta ber om opplysningar i ei sak der dei har mistanke om omsorgssvikt eller vald i nære relasjonar.

12.3 Meldeplikt

Når meldeplikt er utløyst, skal ein sende bekymringsmelding til barnevernstenesta eller barnevernsvakta dersom ein har mistanke om omsorgssvikt eller vald i nære relasjonar. Meldeplikta opphevar teieplikta.


12.4 Avvergeplikt

Alle har ifølgje straffelova plikt til å avverge, det vil seie forhindre, at alvorlege straffbare handlingar skjer. Avvergeplikta gjeld kun når det faktisk er mogleg å avverge den straffbare handlinga.

Enkelte former for vald eller overgrep er alvorlege at du har ei lovpålagt plikt til å søke å avverge at det skjer. Plikta er skildra i **Straffelova § 196** og blir utløyst i det du får kunnskap om at handlinga vil skje, eller trur at det er mest sannsynlig at handlinga vil skje.

Det finst også ei meir spesiell form for avvergeplikt somomhandlar mistanke om snarleg kjønnslemlesting av jenter og kvinner, **jf. Straffelova § 284**.

På plik.no finn du oversikt over kva valds- og seksuallovbrot du kan ha plikt til å avverge, og hjelp til å vurdere om du kan ha avvergeplikt.



13.0 INFORMASJON OM RETTAR TIL VALDSUTSETT

13.1 Bistandsadvokat

Dersom ein har blitt utsett for vald i nære relasjonar som er alvorleg og/eller gjentakande, valdtekt eller andre seksuelle overgrep, har ein rett til gratis møte med advokat før ein har bestemt seg for om ein vil anmelde. Staten betalar for kostnadane til advokat. Bistandsadvokat kan hjelpe til med å vurdere om eit forhold bør meldast, gi bistand under politiavhør, førebuingar til hovudforhandlingane (rettsak), fremje krav om erstatning frå gjerningsperson og krav om valdsoffererstatning. Dersom ein anmelder, vil advokaten søke seg oppnemnt av retten, og bli oppnemnt som bistandsadvokat. Også barn som har vore vitne til vald i nære relasjonar, vil ha rett til bistandsadvokat.

Valdsutsett har rett til bistandsadvokat dersom ein har vore utsett for ein eller fleire av disse handlingane:

- Valdtekt/valdtektsforsøk.
- Andre seksuelle overgrep.
- Vald i nære relasjonar.
- Menneskehandel.
- Tvangsekteskap.
- Kjønnslēmlesting.

Politiet skal ved første kontakt med den utsette informere om høve til å få oppnemnt bistandsadvokat.

- Straffeprosesslova kap. 9 a - om bistandsadvokat.
- Bistandsadvokaten blir oppnemnt av retten, og ein kan sjølv velje fritt kva advokat ein vil nytte. I hastetilfelle kan politiet tilkalle ein advokat som får same stilling som ein rettsoppnemnt advokat.
- [Finn advokathjelp her.](#)

Dersom ein anmelder, kan bistandsadvokaten gi råd og støtte i samband med politiavhør, samt bistå valdsutsett vidare under etterforskinga og i ei eventuell rettssak. Bistandsadvokaten skal ivareta fornærma sine straffeprosessuelle rettar, og eventuelt bistå med å fremje erstatningskrav i saka.

- [Bistandsadvokaten si rolle i etterforskning og rettssak.](#)
- [Film om korleis du blir møtt hjå bistandsadvokat.](#)

13.2. Valdsoffererstatning

Dersom ein har blitt utsett for ei kriminell handling, kan ein ha krav på valdsoffererstatning frå den norske staten. Vilkår for å kunne søke erstatning er at det må ligge føre ei anmelding, erstatningskravet må vere tatt med i straffesaka, ein må ha vore utsett for ei straffbar handling som krenker livet, helsa eller fridomen og ein må ha blitt påført ei personskade.

Dersom fornærma døyr som følge av den straffbare handlinga, kan etterlatne ha krav på erstatning. Barn kan også ha rett til slik erstatning dersom dei har vore vitne til vald i nære relasjonar.

Har ein bistandsadvokat, skal vedkommande hjelpe med å søke slik erstatning. Det blir stilt lågare krav til bevis i ei erstatningssak enn i ei straffesak. Ein kan derfor få valdsoffererstatning sjølv om straffesaka vert henlagt eller tiltalte ikkje vart domfelt.

Det er gratis å søke om valdsoffererstatning.

Les meir om valdsvaldsutsetterstatning [her](#).



14. Tiltak i perioden 2026-2030

14.1. Evaluering av tidligere tiltak

Evalueringa er utført av arbeidsgruppa i samarbeid med tenestene i respektive kommunar. Ansvarleg for tiltak for perioden 2021- 2025 har vore kommunedirektør og kommunestyre. Det var eit tiltak i førre planperiode at handlingsplanen skulle evaluerast årleg. Dette har ikkje blitt gjennomført.

Implementering av handlingsplanen

Implementeringa av handlingsplanen har vore delegert til kommunedirektør og kommunestyra i kommunane. Arbeidsgruppa har ikkje detaljert oversikt over i kva grad handlingsplanen er implementert i dei ulike tenestene. Mykje tyder på at implementeringa har vore utfordrande, og det kan vere fleire årsaker til dette:

- Handlingsplanen vart utarbeidd under koronapandemien.
- Målgruppa for handlingsplanen er stor.
- Utsifting av kontaktpersonar og endringar i organiseringa i dei respektive kommunane.
- Handlingsplanen omhandlar tema som ikkje er retta mot ei spesifikk faggruppe eller teneste.

Implementering krev langvarig og målretta innsats gjennom heile planperioden.

Handlingskort

Det er utarbeidd to handlingskort til handlingsplanen:

- [Kva gjer du ved mistanke om vald og seksuelle overgrep mot barn? \(lenke\)](#)
- [Kva gjer du ved mistanke om vald i nære relasjonar? \(lenke\)](#)

Det har vore stor etterspurnad etter trykte eksemplar av handlingskorta. Tilbakemeldingar tyder på at korta er lett tilgjengeleg og representera handlingsplanen i eit miniformat.

Korta er oversett til seks ulike språk: ukrainsk, russisk, fransk, engelsk, spansk, arabisk.

Evaluering viser at det er behov for oversetting til fleire språk.

Flytskjema – barn og unge

I planen tok ein utgangspunkt i flytskjemaet utarbeida av samarbeidsnettverket «Mission Possible». Flytskjemaet skal gjerast kjent som verktøy ved mistanke om vald og overgrep mot barn og unge.

[Flytskjemaet i utskriftvennleg versjon finn du her.](#)

I planperioden har arbeidsgruppa inntrykk av at flytskjema i liten grad har vore nytta. Éin årsak til dette kan vere at kommunane er ulikt organisert og har eigne interne flytskjema. Vidare har kommunane i planperioden vedteke å bli BTI-kommunar, og status på dette arbeidet rundt om variera. Flytskjemaet er for omfattande, og arbeidsgruppa vurderer at det er feil og manglar ved skjema. Det er meir hensiktsmessig å nytte handlingskort for barn og unge, med lik informasjon som kan implementerast likt i BTI-modellen i kommunane (sjå punkt 19.3).

Informasjon

Alle kommunane skulle i planperioden ha oppdaterte heimesider med lenke til:

- Kriesenter for Sunnmøre.
- Handlingsplan mot vald i nære relasjonar - Sunnmøre 2021 – 2025.
- Handlingskorta.
- Flytskjema – barn og unge.
- Dinutvei.no.
- NKVTS sin rettleiar for helse- og omsorgstenesta sitt arbeid med vald i nære relasjonar.

Arbeidsgruppa ser at status variera mellom kommunane, og har gjennomført enkelte stikkprøver. Det gjeld både informasjon på internett og trykt materiale til innbyggjarane. Kommunane har ulik status kva gjeld implementering av BTI.

Kriesenter for Sunnmøre som kompetanseinstans

Kriesenter for Sunnmøre skal:

- Vere tilgjengeleg som rådgjevande instans for fagpersonar og private.
- Tilby informasjonsverksemd på førespurnad.
- Sette vald i nære relasjonar på dagsorden ved å vere synleg i sosiale plattformer, media og gjennom informasjonsmateriell.

Kriesenter for Sunnmøre har i planperioden opplevd stor etterspørsel etter føredrag, rettleiing og kompetanseheving frå både fagpersonar og kommunar. Dette tyder på at handlingsplanen har bidrege til å synleggjere senteret som ei viktig kompetanseinstans på vald i nære relasjonar.

Trass i at det ikkje vart oppretta ei eiga prosjektstilling (koordinator) som planlagt, har senteret arrangert fagdagar og vore ein aktiv bidragsytar i implementeringa av handlingsplanen i fleire kommunar. Det har også vore synleg i sosiale medium og gjennom informasjonsmateriell, og slik sett løfta tematikken på dagsorden.

Senteret har i stor grad klart å fylle si rolle som rådgjevande instans, sjølv med avgrensa ressursar.

Opprette prosjektstilling - Koordinator

Eit mål i planperioden var å tilsetje ein koordinator som skulle støtte kommunane med å implementere handlingsplanen og bidra til kompetanseutvikling på tvers av fagområde og kommunegrenser.

Kriesenter for Sunnmøre søkte om eksterne prosjektmidlar for å opprette stillinga, men fekk avslag. Det har difor ikkje vore tilsett koordinator i planperioden.

Kompetanseheving

Kommunale tenester med brukarretta verksemd skal leggje til rette for at alle tilsette tek minst eitt e-læringskurs om vald i nære relasjonar kvart år.

Det har vore utfordrande å kartleggje status for gjennomføringa av dette tiltaket i planperioden, men arbeidsgruppa vurderer at kompetanseheving er avgjerande og ønskjer å vidareføre tiltaket i neste planperiode.

14.2 Nye tiltak 2026 – 2030

Ansvarlege for tiltak i planperioden er kommunedirektør og kommunestyre.

Årleg evaluering

Evaluering visar behov for fortløpande arbeid med tiltak og innhald i planen og arbeidsgruppa anbefaler at handlingsplanen årleg bli tema i eit eige møte i tilknytning til SAMU; kor ein også inviterer inn politiet og andre relevante samarbeidsaktørar til delar av møte. Tema vil vere tiltak i planperioden. Kvar kommune skal stille med representant frå SAMU.

Kommunane sitt ansvar for implementering av handlingsplanen

Det er anbefalt at kvar kommune gjennomfører ei intern evaluering av status og utarbeider ein konkret plan for implementering av handlingsplanen for den nye planperioden. Dette arbeidet bør sjåast i samanheng med BTI-handlingsrettleiaren.

Følgande tiltak blir anbefalt i implementeringsarbeidet:

- Inkludere informasjon om handlingsplanen i opplæringsplanar for nytilsette.
- Ta opp handlingsplanen i personalmøte, teammøte og fagmøte.
- Invitere inn Krisesenter for Sunnmøre eller andre relevante samarbeidspartnarar til interne aktivitetar i kommunen.
- Integrere handlingsplanen i BTI-handlingsrettleiaren.
- Prioritere deltaking på relevante fagdagar og samlingar for tilsette.

Handlingskort og informasjonsplakat

Arbeidsgruppa har oppdatert handlingskorta for den nye planperioden. Det er behov for vidare arbeid med implementering, og det er viktig at handlingskorta er lett tilgjengelege for tilsette i kommunane – både digitalt og i fysisk format.

For å gjere informasjonen meir tilgjengeleg, er det lagt inn QR-kode på handlingskorta som lenkar direkte til handlingsplanen. I tillegg blir det utarbeidd informasjonsplakatar med tilsvarande innhald, som kan synleggjerast i relevante tenester i kommunane.

Handlingskorta er oversett til fleire språk. Meld frå til leiar ved krisesenteret om ein treng handlingskort på andre språk. Det er også viktig å gjere kjent at korta allereie finst på fleire språk, slik at dei blir tekne i bruk av dei som treng det.

Informasjon

Det er framleis behov for å vidareføre målsettinga om at alle kommunar skal ha oppdaterte og brukarvennlege nettsider, både på kommunen sine eigne nettsider og i BTI-handlingsrettleiaren.

Følgande informasjon skal vere lett tilgjengeleg for tilsette og innbyggjarar:

- Krisesenter for Sunnmøre.
- Handlingsplan mot vald i nære relasjonar - Sunnmøre 2026 – 2030.
- Handlingskort ved mistanke om vald i nære relasjonar.
- Dinutvei.no.
- NKVTS sin rettleiar for helse- og omsorgstenesta sitt arbeid med vald i nære relasjonar.



Årleg interkommunal fagdag

Basert på erfaringar frå implementeringsarbeidet og status i kommunane, er det behov for å sikre at temaet vald i nære relasjonar blir sett på dagsorden regelmessig. For å styrke dette arbeidet skal det arrangerast ein årleg fagdag for kommunane på Sunnmøre.

Krisesenteret for Sunnmøre, i samarbeid med SAMU og relevante eksterne aktørar, har ansvar for planlegging og gjennomføring av fagdagen. Det er semje i SAMU om at Ålesund kommune, som vertskommune, kan huse arrangementet.

Gjennomføring av tiltaket er avhengig av tilskot og prosjektmidlar.

Krisesenter for Sunnmøre som informasjonsformidlar

Krisesenteret for Sunnmøre skal ha ei sentral rolle i formidling av kunnskap og informasjon om vald i nære relasjonar.

Dette inneber følgande:

- Vere tilgjengeleg som rådgjevande instans for både fagpersonar og privatpersonar.
- Tilby informasjonsverksemd og rettleiing på førespurnad.
- Bidra til å sette vald i nære relasjonar på dagsorden gjennom synlegheit i sosiale medium, presse og informasjonsmateriell.

Kompetanseheving

Kommunale tenester med brukarretta verksemd skal legge til rette for at alle tilsette gjennomfører minst eitt e-læringskurs om vald i nære relasjonar per år. Dette er viktig for å sikre nødvendig kunnskap, gjenkjenning av teikn og handlingskompetanse.

15. NETTRESSURSAR

Her har vi samla ei oversikt over nettsider som gir rettleiing og kunnskap om vald i nære relasjonar.

15.1 For alle

- E-læringskurs hos Reform - Reform.
- Rettleiar for helse- og omsorgstenesta sitt arbeid med vald i nære relasjonar.
- Vold og overgrep | Bufdir.
- Nasjonalt kunnskapssenter om vold og traumatisk stress - forskning og rapportar om vald og overgrep.
- Dinutvei.no - Nasjonal vegvisar til hjelpetilbod, informasjon og kunnskap om vald i nære relasjonar, valdtekt og andre seksuelle overgrep. Her finn du også ein anonym spørsmål- og svarteneste.
- Hvorlite.no - Politiet si informasjonsside om vald i nære relasjonar.
- Plikt.no - Nettside laga i samband med kampanje for å auke bevisstheit om avvergeplikta ved valds- og seksuallovbrot.
- Vald og overgrep - Bufdir.



15.2 For deg som jobbar med barn og unge

- Livet&Sånn - Gratis opplæringsmateriale for folkehelse og livsmeistring, utarbeidd av Ålesund kommune med støtte frå Møre og Romsdal fylkeskommune.
- Kunnskapsgrunnlag – metoder for tidlig identifisering av risiko hos barn og unge - rapport frå Helsedirektoratet.
- Seksuellatferd.no - Ressursside om normal seksuell utvikling og handtering av bekymringsfull og seksuell åtferd, utvikla av RVTS
- Snakkemedbarn.no - Opplæringsprogram for deg som arbeider med å snakke med barn og unge, utarbeidd av RVTS
- Jegvilvite.no - Informasjon til barn, og tips til vaksne om korleis snakke med barn om vanskelege tema.
- Rettentil.no – Oversiktsverktøy utvikla av RVTS for deg som møter barn og unge utsette for negativ sosial kontroll, tvangsekteskap eller kjønnslemlesting.
- Jegvet.no – Kunnskapsbasert læringsressurs om vald, overgrep og mobbing i barnehagar og skular.
- Kroppen min eier jeg - Om overgrep, NRK Super.
- Nora - Nettstad mot negativ sosial kontroll med informasjon og historier for ungdom.
- Barnevernvakten.no - Felles portal for barnevernvaktene i Norge.
- 116111.no - Alarmtelefonen for barn og unge.
- littsint.no - Sinnemestring for foreldre.
- Stine Sofie Foreldrepakke - Gratis informasjonsprogram for alle blivande og nybakte foreldre.
- Barnevernstrategien “Trygg barndom” – Skal styrke vernet og oppfølginga av barn som er utsette for vald.

15.3 For deg som jobbar med eldre

- TryggEst.no - Modell for å forhindre, avdekke og handtere vald og overgrep mot vaksne med redusert sjølvstendig evne.

15.4 For deg som jobbar med vaksne med nedsett funksjonsevne

- Bufetat.
- Den tause valden – Krisesentersekretariatet si brosjyre om vald mot menneske med nedsett funksjonsevne.
- NFSS Nettverk: Funksjonsnedsettelse, seksualitet og samliv.

15.5 For deg som jobbar med menneske med flyktning eller innvandrarbakgrunn

- Ressursbank | Flyktning.
- Informasjonsskriv om arbeid med negativ sosial kontroll frå regjeringa.
- UDI sin informasjonsside om vald i familien/vald i nære relasjonar.
- dinutvei.no - informasjon på mange språk.
- Tvangsekteskap og æresrelatert vald - Bufdir si informasjonsside.
- Brosjyre om juridiske rettigheter for menneske som er utsette for kriminelle handlingar - tilgjengeleg på: arabisk, bulgarsk, engelsk, kurdisk, russisk, somalisk, thai, tyrkisk, urdu.



16. LOWVERK

Lov om barnehager (barnehageloven) - Lovdata

Lov om barnevern (barnevernsloven) - Lovdata
Barne- og likestillingsdepartementet.

Lov om barn og foreldre (barnelova),
Barne- og likestillingsdepartementet.

Lov om behandlingsmåten i forvaltningssaker (forvaltningslova),
Justis- og beredskapsdepartementet.

Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester m.m.
(helse- og omsorgstjenestelova), Helse- og omsorgsdepartementet.

Lov om etablering og gjennomføring av psykisk helsevern
(psykisk helsevernlova), Helse- og omsorgsdepartementet.

Lov om straff (straffelova), Justis- og beredskapsdepartementet.

Lov om erstatning fra staten til voldsutsatte (voldserstatningsloven) - Lovdata
Justis- og beredskapsdepartementet.

Lov om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova),
Kunnskapsdepartementet.

Lov om kommunale krisesentertilbud (Krisesenterlova),
Barne- og familiedepartementet.

Lov om sosiale tjenester i arbeids- og velferdsforvaltningen
(sosialtjenestelova), Arbeids- og sosialdepartementet.

Lov om folkehelse (folkehelselova), Helse- og omsorgsdepartementet.

Lov om tannhelsetenesta (tannhelsetenestelova),
Helse- og omsorgsdepartementet.



17. TENESTER OG SAMARBEIDSAKTØRAR

Kommunane skal leggje til rette for at tenestene blir i stand til å førebygge, avdekke og avverge vald og overgrep. Dei kommunale hjelpetenestene har lovpålagt plikt til å gi valdsutsett, valdsutøvar og andre råka, eit tilrettelagt og heilskapleg hjelpetilbod.

For å klare å identifisere behov og etablere eit heilskapleg tenestetilbod for den enkelte, er det viktig at tenestene etablera gode samhandlingsstrukturar og rutinar for informasjonsutveksling. Vidare må dei ulike tenestene ha tilstrekkeleg kunnskap om andre sektorar, samarbeidsaktørar og tenester sitt ansvar, oppgåver og tilbod.

17.1 Alarmtelefonen for barn og unge

Telefonnummer: 116 111

Nettressurs: Alarmtelefonen for barn og unge

Alarmtelefonen er døgnopen, gratis telefon- og chatteteneste for barn og unge som er utsett for vald, overgrep og omsorgssvikt.

17.2 Alternativ til vald

Telefonnummer 22 40 11 10

Nettressurs: Stiftelsen Alternativ til Vold (ATV): Behandlings- og kompetansesenter på vald i nære relasjonar

Stiftelsen Alternativ til Vold er eit behandlings- og kompetansesenter på vald, med særleg fokus på vald i nære relasjonar. Tilbodet blir gitt til både vaksne og barn, utsett og utøvar.

17.3 Barnehage

Gjennom den daglege og nære kontakta med barna har barnehagen ein sentral posisjon til å observere og ta imot informasjon om barna sin omsorgs- og livssituasjon. Personalet skal ha eit bevisst forhold til at barn kan vere utsette for omsorgssvikt, vald og seksuelle overgrep, og vite korleis dette kan førebyggast og oppdagast. Personalet skal kjenne til opplysningsplikta, meldeplikta og avvergeplikta.

17.4 Barneombudet

Nettressurs: Barneombudet – Vi er på lag med barn og unge

Barneombudet jobbar for rettane til barn. Dei skal fremje interessene til barn i samfunnet og følgje med på utviklinga i barn sine oppvekstkår. Dei skal spesielt følgje med på at interessene til barn blir ivaretatt i lovgivinga, og at Noreg overheld FN sin barnekonvensjon.

17.5 Barnevernstenesta

Barnevernstenesta si hovudoppgåve er å sikre at barn og unge som lever under forhold som kan skade helsa og utviklinga deira, får naudsynt hjelp og omsorg til rett tid.

Barnevernstenesta har eit sentralt ansvar for barn som blir utsette for vald i familien, og er heilt avhengig av at både offentlege og private melder frå dersom dei er bekymra.

Barnevernet har både rett og plikt til å undersøke omsorgssituasjonen til barnet når det er rimeleg grunn til å anta at det føreligg forhold som kan gi grunnlag for tiltak.

For meir informasjon om korleis barnevernet arbeider: Barnevern | Bufdir

I saker der barn blir utsette for vald i familien, er det stort behov for samarbeid mellom ulike instansar og tenester – blant anna for å koordinere og samordne oppgåvene.



17.6 Barnevernsvakta på Sunnmøre

Telefonnummer 915 76 020

Nettressurs: Barnevernsvakten

Kommunane på Sunnmøre samarbeider om ei felles barnevernsvakt. Barnevernsvakta er ein del av akuttberedskapen i kommunen og er ei døgnoopen teneste.

17.7 Nasjonal vegvisar ved vald og overgrep

Nettressurs: [Dinutvei.no](https://dinutvei.no) | Nasjonal vegvisar ved vald og overgrep

Nettportalen gir informasjon til personar som er utsette for vald, overgrep og valdtekt, til pårørande og bekymra, til dei som utøver vald, og til fagpersonar. [Dinutvei.no](https://dinutvei.no) gir oversikt over hjelpetilbod i heile landet. Her finn du også fagstoff og ei spørsmål-og-svar-teneste der du kan stille spørsmål anonymt og få svar. Informasjonen er tilgjengeleg på 13 språk.

17.8 Familievernkontoret

Telefonnummer 46 61 73 90

Nettressurs: Familievernkontoret Sunnmøre | Bufdir

Familievernet er eit statleg tilbod som gir gratis hjelp og råd til par, familiar og foreldre og barn som opplever vanskar, konflikhtar og kriser. Familievernet arbeider også med sinne- og valdsproblematikk. Familievernkontoret Sunnmøre dekkjer alle kommunane på Sunnmøre.

17.9 Fastlege

Fastlegen har ansvar for heilskapen i utgreiing, behandling og oppfølging av ein pasient – også i saker som handlar om vald i nære relasjonar.

Fastlegen kan tilvise til spesialisthelsetenesta, som DPS eller BUP, ved behov, eller informere om andre stader der ein kan få hjelp utan tilvising – som krisesenteret, familievernet, den kommunale psykiske helsetenesta eller andre tenester.

17.10 Helse- og omsorgstenesta i kommunen

Kommunen skal sørge for at personar som oppheld seg i kommunen, får tilbod om naudsynte helse- og omsorgstenester.

Kommunen sitt ansvar omfattar alle pasient- og brukargrupper, inkludert personar med somatisk eller psykisk sjukdom, skade eller liding, rusproblem, sosiale utfordringar eller nedsett funksjonsevne.

Kommunen skal ha særleg merksemd retta mot at pasientar og brukarar kan vere utsette for, eller stå i fare for å bli utsette for, vald eller seksuelle overgrep. Kommunen skal legge til rette for at helse- og omsorgstenesta blir i stand til å førebygge, avdekke og avverge vald og seksuelle overgrep.

17.11 Helsestasjonstenesta

Helsestasjonstenesta og skulehelsetenesta er ei lovpålagd teneste for alle barn og unge frå 0 til 20 år, samt jordmorteneste for gravide som ønskjer svangerskapskontroll knytt til helsestasjonen. Helsestasjonen er ein del av kommunehelsetenesta og utfører planmessig helsefremjande og førebyggjande arbeid retta mot gravide, barn og unge og deira føresette.

Tenesta omfattar både psykisk og fysisk helse, sosiale forhold og oppfølging av foreldre med behov for utvida støtte.

Helsestasjonen og skulehelsetenesta har jamleg kontakt med barn og føresette på ulike alderstrinn, og er difor ein sentral arena for å kunne førebygge, avdekke og avverge vald i nære relasjonar.

17.12 Hjelpetelefon for seksuelt misbrukte

Telefonnummer 800 57 000

Nettressurs: Hjelpetelefonen for seksuelt misbrukte

Hjelpetelefonen for seksuelt misbrukte er ein gratis og døgnopen telefon. Tilbodet gir støtte og rettleiing til personar som har opplevd seksuelle overgrep, incestutsette og deira pårørande.

17.13 IMDI - Mangfaldsrådgivera

Telefonnummer: 48 86 21 61

Nettressurs: Mangfaldsrådgivere | IMDi

Tilsette i lokale flyktningtenester, NAV, vaksenopplæring og andre hjelpetenester kan ta kontakt med mangfaldsrådgivar i sitt fylke eller i kommunen dersom dei ønskjer å styrke kompetansen sin om negativ sosial kontroll og æresrelatert vald – inkludert tvangsekteskap og kjønnslemlesting.

17.14 Kompetanseteamet mot tvangsekteskap, kjønnslemlestelse og negativ sosial kontroll

Telefonnummer 47 80 90 50

Nettressurs: Kompetanseteamet mot negativ sosial kontroll og æresrelatert vold | Bufdir

Kompetanseteamet er eit nasjonalt, tverrfagleg fagteam som gir råd og rettleiing til tilsette i førstelinjetenesta i konkrete saker som handlar om tvangsekteskap, kjønnslemlesting eller andre former for æresrelatert vald og kontroll. Kompetanseteamet administrerer butilbod for unge som er utsette for æresrelatert vald.

17.15 Konfliktrådet

Telefonnummer 70 30 06 10

Nettressurs: Konfliktrådet - Konfliktrådet

Konfliktrådet er ei statleg teneste som hjelper partar med å løyse konflikt – anten mellom private aktørar eller mellom fornærma og gjerningsperson etter at ei kriminell handling har funne stad. Føremålet er at partane gjennom dialog kan finne fram til løysingar, anten det gjeld å gjere opp for konkrete lovbrøt eller gjenopprette mellommenneskelege relasjonar. Konfliktrådet er ope for alle, uavhengig av alder, og er ei gratis teneste. Konfliktrådet i Møre og Romsdal har besøksadresse i Ålesund.

17.16 Krisesenteret på Sunnmøre

- **Telefon:** 70 16 33 33
- **Mobil:** 94 53 99 45
- **Nettressurs:** www.krisesenter-sunnmore.no
- **E-post:** krisesenter@alesund.kommune.no

Krisesenter for Sunnmøre er eit interkommunalt tilbod for personar som er utsette for vald eller truslar om vald i nære relasjonar. Tilbodet er gratis, døgnope og tilgjengeleg for kvinner, menn og barn – uavhengig av nasjonalitet.

Tilbodet omfattar:

- Krisetelefon: Tilgjengeleg heile døgnet for akutt hjelp og rettleiing.
- Butilbod: Eit trygt og mellombels opphald for dei som treng vern.
- Dagtilbod: Samtalar, råd, rettleiing og støtte - utan behov for overnatting.
- Advokatbistand: Tilgang til gratis juridisk rådgjeving.

Krisesenteret er for innbyggjarar i desse kommunane: Ålesund, Ørsta, Volda, Haram, Herøy, Sande, Ulstein, Hareid, Sula, Giske, Fjord, Vanylven, Stranda og Sykkylven. Personar frå andre delar av landet kan òg nytte seg av tilbodet.

Fagleg rettleiar for innhald i krisesentertilbodet finn du her:



Krisesenter for
SUNNMØRE

17.17 Legevakt

Telefonnummer: 116 117

Alle kommunar i Noreg har ei legevaktordning for augeblikkeleg helsehjelp heile døgnet. Når du ringer 116 117, kjem du i kontakt med legevaktsentralen i området der du oppheld deg.

17.18 Medisinsk naudtelefon

Telefonnummer: 113

Ring medisinsk naudtelefon 113 når du trur det kan stå om liv og helse. Når du ringer 113, er det helsepersonell som svarar.

17.19 NAV

Telefonnummer: 55 55 33 33

Nettressurs: Vold i nære relasjonar og menneskehandel - nav.no

NAV kan bidra med rettleiing til personar som er utsette for vald i nære relasjonar. Dei kan informere om rettar, vise vidare til andre instansar i hjelpeapparatet, gi økonomisk støtte og hjelpe til i bustadspørsmål. NAV har plikt til å vere merksame på om barn av dei vaksne dei er i kontakt med, kan vere utsette for omsorgssvikt eller mishandling.

17.20 NFSS Nettverk - Funksjonsnedsettelse, seksualitet og samliv

Nettressurs: NFSS Nettverk - Funksjonsnedsettelse, seksualitet og samliv

NFSS er eit landsdekkande nettverk for fagpersonar som arbeider med seksualitet og funksjonsnedsetting. Nettverket er ein viktig ressurs for kunnskapsformidling og utvikling av tilrettelagt informasjons- og undervisningsmaterieil.

17.21 NOK Møre og Romsdal

Telefonnummer: 97 41 55 80 / 71 11 51 55

Nettressurs: Nok. Møre og Romsdal – Ingen skal bli utsatt for seksuelle overgrep

NOK er eit tverrfagleg og gratis lågterskeltilbod til alle som har vore utsette for seksuelle overgrep, og til deira pårørnde. Senteret er òg ein fagressurs som tilbyr rettleiing og undervisning til skuleklassar, lærarar, helsepersonell og andre fagpersonar i spørsmål som handlar om seksuelle overgrep.

17.22 Overgrepsmottaket i Ålesund

Telefonnummer: 116 117

Nettressurs: Overgrepsmottaket Ålesund - Helse Møre og Romsdal

Eit akutttilbod for ungdom og vaksne, kvinner og menn, som nyleg har blitt utsette for valdtekt, valdtektsforsøk eller liknande seksuell krenking, eller som har vore utsette for vald i nære relasjonar. Tilbodet er lokalisert ved Ålesund interkommunale legevakt og gjeld for alle innbyggjarar på Sunnmøre.

Tilbodet er gratis og uavhengig av politimelding. Dei som arbeider ved overgrepsmottaket har teieplikt.

Ved undersøking kort tid etter overgrepet, samlar overgrepsmottaket bevis som kan brukast i ei eventuell rettssak. Bevis eller opplysningar blir ikkje utleverte utan at pasienten har gitt skriftleg samtykke.

17.23 Pensjonistforbundet

Nettressurs: Pensjonistforbundet

Pensjonistforbundet er landets største interesseorganisasjon for eldre og uføre, og arbeider for å førebygge at eldre utsettast for vald og overgrep.

17.24 Politi

Telefonnummer: 02800



Ved akutte eller livstrugande situasjonar: Ring 112

Politiet si oppgåve er å førebygge, avdekke, etterforske og iretteføre saker som omhandlar vald i nære relasjonar, samt å gi beskyttelse til dei utsette gjennom eit breitt spekter av førebyggjande beskyttelsestiltak. Eksemplar på slike tiltak er omvendt og mobil valdsalarm, besøksforbod, kontaktforbod, adressesperre kode 6 og 7, samt hjelpe til ved behov for relokalisering.

POLITIET

Politiets familievaldskoordinator, trusselkoordinator, fagansvarleg partner og æresrelatert kriminalitet og de førebyggjande risikoanalytikerane bidrar saman med fleire, til identifisering, prioritering og risikohandtering i relasjonar med risiko for framtidig vald.

Politiet har høve til å fremje saker ved offentleg påtale. Dette betyr at saker som politiet arbeider med, kan bli etterforska uavhengig av om det er meldt frå den fornærma part.

Tips politiet: politiet.no/tjenester/tips-politiet

17.25 Redd Barna

Nettressurs: Redd Barna - Vi redder barn

Redd Barna arbeider for å hindre vald og seksuelle overgrep mot barn. Dei arrangerer mellom anna ei årleg kampanjeveke for å auke kunnskapen i befolkninga om vald og overgrep mot barn, og for å styrke kompetansen i skule og barnehage om førebygging og avdekking.

Redd Barna har utvikla:

- Filmar og undervisningsopplegg.
- Ei verktøykasse - med råd om korleis ein kan gå fram for å hindre vald og seksuelle overgrep på alle arenaer der barn oppheld seg.

17.26 RVTS Midt

Telefonnummer 72 82 20 05

Nettressurs: Startside

RVTS Midt er regionalt ressurscenter for Midt-Norge. Senteret har fokus på fagområda sjølvmoedsførebygging, flyktning- og migrasjonshelse, vald og seksuelle overgrep. Dei arbeider tverrfagleg og støttar ulike etatar i regionen med kompetanseheving, rettleiing, konsultasjon, undervisning, kurs og konferansar.

17.27 Norske kvinners sanitetsforening

Nettressurs: Lokalforening | Norske Kvinners Sanitetsforening

Sanitetskvinnene fremjar kvinnehelse og livsvilkår, bidreg til ein inkluderande oppvekst og er med på å skape trygge lokalsamfunn. Dette skjer gjennom frivillig innsats, forskning, politisk påverknad og ideell verksemd. I 2012 tok organisasjonen initiativ til å setje vald mot kvinner på den politiske dagsordenen gjennom Rød knapp-alliansen. Gjennom prosjektet Ressursvenn får valdsutsette som har vore på krisesenter, tilbod om støtte frå ein frivillig i sitt lokalmiljø.

17.28 Skulen

Skulen har kontakt med alle barn og unge, og har eit unikt høve til å oppdage barn som er utsette for vald og overgrep i nære relasjonar. Tilsette skal kjenne til opplysningsplikta, meldeplikta og avverjeplikta. Alle som arbeider i skulen, skal oppfylle pliktene sine til å melde frå – også når dette går føre seg utan hinder av teieplikta.

17.29 Statens barnehus i Ålesund

Telefonnummer: 70 11 88 50

Nettressurs: Statens barnehus Ålesund | Statens Barnehus

Statens barnehus er organisert under politiet og er eit nasjonalt tilbod for barn og unge som har vore utsette for eller vitne til vald eller seksuelle overgrep. Tilbodet gjeld òg særleg sårbare vaksne, som personar med kognitiv funksjonsnedsetjing eller dei som har vore utsette for tvangsekteskap eller kjønnslemlesting. Tilbodet omfattar òg unge som er mistenkte i saker som gjeld seksuelle lovbrøt.

Ved Statens barnehus blir det gjennomført avhøyr av målgruppa, samt helse- og rettsmedisinske og rettsodontologiske undersøkingar. Tilbodet inkluderer òg psykososial oppfølging av målgruppa og deira familiar og pårørande.

Barnehuset tilbyr råd og rettleiing til både privatpersonar og fagfolk, og driv noko utadretta arbeid for å styrke kompetansen om vald og seksuelle overgrep.

Barnehuset i Ålesund dekkjer Møre og Romsdal politidistrikt. I 2026 skal det opprettast ei underavdeling i Kristiansund.

Barnehuset tilbyr råd og rettleiing til både privatpersonar og fagfolk, og driv noko utadretta arbeid for å styrke kompetansen om vald og seksuelle overgrep.

Barnehuset i Ålesund dekkjer Møre og Romsdal politidistrikt. I 2026 skal det opprettast ei underavdeling i Kristiansund.

17.30 Stine Sofies Stiftelse

Telefonnummer: 37 29 40 90

Nettressurs: Forside - Stine Sofies Stiftelse

Stine Sofies Stiftelse er eit nasjonalt kurs- og meistringssenter for barn og unge (0–18 år) som har vore utsette for vald og overgrep. Målet er at kursdeltakarane skal få oppleve glede og tileigne seg ny kunnskap.

17.31 Støttesenter for kriminalitetsutsette

Telefonnummer 800 40 008 / 40 44 65 18

Nettressurs: Støttesenter for kriminalitetsutsette

Politiet sitt støttesenter for kriminalitetsutsette gir informasjon og rettleiing, også før eller utan politimelding. Dei gir støtte gjennom heile prosessen – frå før politimelding blir levert, til saka er avgjort. Tilbodet omfattar også vitnestøtte før, under og etter ei eventuell rettssak.

17.32 Tannhelsetenesta

Tannhelsetenesta arbeider med førebygging og behandling retta mot alle barn og unge frå 0 til 18 år. I samband med tannbehandling har dei moglegheit til å avdekke omsorgssvikt, vald og overgrep.

Tannhelsetenesta gir òg tilbod om undersøking og behandling for unge i alderen 19–24 år, samt for sårbare vaksne, eldre med langvarig sjukdom og uføre i institusjon eller som får heimetjenester, personar med rusproblem og innsette i fengsel.

17.33 TryggEst - vern for risikoutsette vaksne

Nettressurs: TryggEst vern for risikoutsatte vaksne | Bufdir

TryggEst skal bidra til å førebyggje, avdekkje og handtere vald og overgrep mot vaksne som i liten eller ingen grad er i stand til å verne seg sjølve.

TryggEst-modellen inneheld forslag til korleis kommunen kan organisere arbeidet med å førebygge og avdekkje vald og overgrep, og tilbyr fleire praktiske verktøy som kan nyttast i dette arbeidet.

Per i dag er det ingen kommunar på Sunnmøre som har teke i bruk TryggEst.

17.33 Vold- og overgrepsslinja

Telefonnummer 116 006

Nettressurs: VOLinjen

VO-linjen er ei døgnopen, nasjonal hjelpelinje og nettside for alle som opplever vald eller overgrep i nære relasjonar.

17.34 Vaksne for barn

Nettressurs: Forsiden - Vaksne for Barn

